



# ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

## KOMMUNEPLAN

**2014-2026**

## SAMFUNNSDELEN

Plan vedteken av:

Øystre Slidre kommunestyre sak 042/14 den 23.10.2014.

## Føreord

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument og skal vere førande for utviklinga i Øystre Slidre som samfunn og kommune. Planperioden er 2014- 2026.

Arbeidet med planen er ei oppfølging av kommunen sin planstrategi vedteken av kommunestyret, og planprogrammet vedteke av formannskapet. Planstrategien er fullt ut attgjeven i kapittel 2. I tillegg er strategitema referert innleingsvis i underkapitla i hovedkapittel 6.

Arbeidet med planen er utført av ei administrativ prosjektgruppe. Grappa hadde slik samansetjing: prosjektleiar Per- Helge Myklebust, rådgjevarane Astrid Rogne og Anne Mari Stensby, avdelingsleiar plan Hans Kristian Syversen, og jordbrukssjef Kjell Håvard Tuv. Fagsjef Ola Hålmoen, rådgjevar Ivar Thune Hagerup og økonomisjef Ole Martin Alfstad har gjeve konstruktive innspel.

Rådmann si leiargruppe har vore administrativ styringsgruppe i arbeidet med planen.. Formannskapet er kommunen sitt planutval og har vore politisk styringsgruppe i arbeidet.

Framlegget til plan vart handsama i kommunestyret sak KS 012/14 den 27.03.14 før planen vart kunngjort og sendt på offentleg ettersyn. Det er gjennomført ein brei og open planprosess både i innleiande planfase og som del av høyringa. Det er gjennomført grendemøte og næringsseminar i tillegg til lovpålagte varsel og kunngjeringar. Resultatet vart mange og gode innspel til planen. Alle innspela er omtala i sak handsama av formannskapet sak FS 055/14 og i kommunestyret sak KS 042/14. Planen er delvis endra som fylgje av innspela og den politiske handsaminga. Særskilt interesserte finn meir informasjon i sak og i vedtak.

Planen er eit omfattande dokument med mykje fakta- og bakgrunnsmateriale. For å lette tilgangen er det laga eit eige dokument «**plansamandrag**» der «prosaen» er teke ut. For interesserte viser vi til hovedplanen og til kommunestyresaka.

Kommunestyret har valgt «Øystre Slidre – rein naturglede!» som visjon for planen. No er det opp til oss sjølve å arbeide for å gje visjonen konkret innhald og mening. Det er viktig for Øystre Slidre å forvalte dei sterke føresetnadane våre på ein føreseieleg og berekraftig måte.

Som ordførar vonar eg planen vert til god nytte i åra som kjem for kommunen, næringslivet, innbyggjarane og gjestene våre. Til slutt minner eg om at eit samrøystes kommunestyre har vedteke at heile Øystre Slidre-samfunnet, og Øystre Slidre kommune spesielt, skal arbeide med å utvikle vertskapsrolla slik at folk kjenner seg velkomne her.

Tingvang, 06.11.2014



Kjell Berge Melbybråten  
- Ordførar -

## Innhald

1	Innleiing- om kommuneplanens samfunnsdel .....	4
2	Øystre Slidre kommune- mandat samfunnsdelen .....	5
2.1	Visjon.....	5
2.2	Planstrategi- vedtekne mål .....	5
2.3	Samfunnsdelen- vedtekne tema .....	7
2.4	Kommunal økonomi .....	7
3	Øystre Slidre- ressursgrunnlag.....	8
3.1	Eit kommunesamfunn i Valdres, fjellregionen og innlandet.....	8
3.2	Øystre Slidre kommune - roller og organisering.....	9
3.3	Statistikk- overordna .....	10
4	Overordna føringar.....	12
5	Medverknad .....	13
5.1	Framtidsverkstad for og med ungdom .....	13
5.2	Innspelmøte - næringar .....	13
5.3	Anna medverknad i planarbeidet .....	14
6	Tema .....	14
6.1	Risiko, samfunnssikkerhet og ROS- analyse .....	14
6.2	Berekraft; Natur og miljø.....	14
6.3	Vassmiljø .....	19
6.4	Energi og Klima.....	21
6.5	Folkehelse .....	22
6.6	Bu- og besøkskommune - tettstadsutvikling .....	25
6.7	Helse- og omsorg .....	27
6.8	Læring og kultur.....	29
6.9	Friluftsliv.....	35
6.9.1	Stig- og løypeplan .....	36
6.10	Næringsutvikling.....	38
6.10.1	Landbruk .....	38
6.10.2	Handel og aktivitetsbasert reiseliv .....	40
6.10.3	Regional sentrumsutbygging- Beitostølen som sentrum.....	40
6.10.4	Fritidsbustader- grunnlag for næring og næringsutvikling .....	41
6.11	Infrastruktur - Kommunaltekniske tenester .....	42
6.12	Veg og Samferdsle.....	43
6.13	Regionalt samarbeid.....	44
6.14	Prosjekt -Det moderne Øystre Slidre .....	45
7	Økonomi .....	45
8	Omdømebygging.....	46
9	Føringar for kommuneplanens arealdel .....	46
10	Handlingsprogram.....	50
11	Referansedokument.....	53

## 1 INNLEIING- OM KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

I samsvar med kommunelova og plan- og bygningslova skal kommunane utføre kommuneplanlegging som fremjar berekraftig utvikling, bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver, og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Nøkkelord: åpenhet, ”forutsigbar”, medverking, konsekvensar for miljø og samfunn, universell utforming.

Samfunnsdelen skal: ” ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utvikling av kommunen.”

Samfunnsdelen byggjer på den vedtekne kommunale planstrategien og skal utgreie dei tema som kommunen har vedteke ved handsaming av strategien og planprogrammet for samfunnsdelen. Samfunnsdelen skal ”være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.” Handlingsdelen av kommuneplanen skal vere for dei komande fire åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg. Kommuneplanen sin arealdel skal byggje vidare på prinsippa vedtekne i samfunnsdelen. Arealdelen har juridisk verknad.


Kommuneplanen sin samfunnsdel er det langsiktige og overordna styringsverktøyet, oftast spesifisert for ein 12 års periode. For viktige satsingsområde og ”tunge investeringar” må planen vere robust og ha eit 50 års perspektiv.

Globale internasjonale trendar og utvikling så vel som nasjonal utvikling og økonomi påverkar lokalsamfunna både kommunalt, regionalt og i privat næringsliv. Norske internasjonale forpliktingar innan område som flyktning-, asyl-, klima- og miljøområdet, den internasjonale landskapskonvensjonen, FN-domstolen i Haag og avtalane våre med EU og EØS og dei internasjonale EU og Efta- domstolane i Luxemburg påverkar livet i Øystre Slidre.


For å få best nytte av samfunnsdelen er det viktig at den også tek omsyn til kommunen sin økonomi, og at planen vert handlingsretta.

Øystre Slidre har mange temaplanar og det er i tillegg verksemdplanar for alle organisatoriske einingar. Alle desse planane er utarbeidde som 4-årige kommunedelplanar. Mange er svært detaljerte. Dei overordna og langsiktige prinsippa og strategiane i desse planane kan med fordel implementerast og forankrast i kommuneplanen sin samfunnsdel, medan dei mindre og kortsiktige tiltaka bør handterast på verksemdnivå.

I dette plandokumentet er det difor gjeve eit resymé av dei enkelte planane sine visjonar med kort status/ omtale. Det vert skrive ein konklusjon der overordna grep vert overført i samfunnsdelen sin handlingsdel.



Figur 1: Kommuneplanprosessen.



## 2 ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE- MANDAT SAMFUNNSDELEN

### 2.1 VISJON

**”Øystre Slidre – rein naturglede!”**

### 2.2 PLANSTRATEGI- VEDTEKNE MÅL

Overordna mål:

Øystre Slidre kommune skal

1. vere landets beste bu- og besøkskommune, og vere blant dei beste 10% av kommunane i landet i kommunebarometeret på kommunale tenester.
2. vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbygger.
3. vere ein pådrivar i regionalt samarbeid, til beste for innbyggerane og for gjester i kommunen.
4. stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass.
5. heile tida vere ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder, både på kommunalt og privat nivå.

Delmål:

#### **Vekst i kvalitet:**

Øystre Slidre kommune skal

- syte for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet.
- bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar.
- ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstillar innbyggerane og gjestene sine grunnleggande behov.

#### **Alle er med:**

Øystre Slidre kommune skal

1. ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
2. vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
3. stimulere frivilligheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

#### **Offensiv organisasjon:**

Øystre Slidre kommune skal:

1. vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
2. vere ein organisasjon som er pådrivar i samfunnsutviklinga.
3. vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.
4. drive aktiv informasjon, både internt og eksternt.

### **Planstrategi – satsingsområde**

#### **1. Nærings og samfunnsutvikling.**

Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunns-utviklingsarbeid. Kommunen skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidssretta næringsliv som gjer det attraktivt å flytte til Øystre Slidre.

Kommunen skal vere ein pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping gjennom god og fortløpande dialog med næringslivet og lokalsamfunnet. Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar mulighetene og vågar å gripe dei. For å kunne vere blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga.

#### **2. Oppvekst og læring.**

Øystre Slidre kommune skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring.

Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like muligheter for utvikling. Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast.

I Øystre Slidre skal det vere garantert barnehageplass etter fylte eitt år og ei god skule for alle.

### **3. Folkehelse, omsorg og sosiale tenester.**

Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester.

Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen, slik intensjonane er i den nye Folkehelselova.

Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får muligheit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

### **4. Samferdsel.**

Øystre Slidre skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E-16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå til denne.

Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthavn Leirin, som rute- og charterflyplass, då kommunen ser dette som særskilt viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres.

Øystre Slidre skal utvikle eigen trafikksikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide for sykkel- og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegane.

Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområder og attraksjonar som rettar seg mot dei reisande.

### **5. Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling.**

Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland.

Kommunen skal gjennom *Samfunnsplanen* tilrettelegge for arbeidsplassar, nyskaping, samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak for dette.

Regional sentrumsutbygging:

Beitostølen skal byggast ut vidare, og vere ein av tre framtidige sentrum i regionen, saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira.

### **6. Kommunaltekniske tenester.**

Øystre Slidre skal gjennom *Arealdelen* til kommuneplana sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.

Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplatt til offentleg vass- og avlaupsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene. Kommunen vil og arbeide for at dei delane av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer forureiningsfare.

Kommunen skal vere i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

### **7. Idrett og kultur.**

Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.

Øystre Slidre ynskjer å vere den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen.

Øystre Slidre skal støtte opp om eldsjelene og frivillig sektor og arbeide for eit breitt tilbod innan kultur, friluftsliv og idrett i heile kommunen. Gjennom *Samfunnsdelen* skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

### **Oppfølging i plansamanheng:**

Kommunen skal i løpet av 2013 konkretisere fyljande gjennom kommuneplana sin *Samfunnsdel*:

## Øystre Slidre kommune- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014- 2026

1. Prosjekt "Det moderne Øystre Slidre"
2. Prosjekt sentrumsutvikling for Beitostølen
3. Prosjekt kunnskapsbasert og framtidretta sentrumsutvikling

Ei viktig inspirasjonskjelde til denne plana vil vere aktivitetane rundt, kontaktar med, og innspel til kommunen frå ulike organisasjonar. Kontakt med organiserte fellesskap av alle slag vil bli vidareutvikla i løpet av planprosessen.

Det må lagast rutinar for oppfølging av om planlagde mål og prosjekt vert oppfylde, mellom anna ved ei årleg kommuneplanrapportering, som t.d. gjennom Årsmelding og virksomheitsanalyse.

### **Kommunedelplanar- temaplanar**

I sak om kommunal planstrategi vedtok kommunestyret, sitat (1): *Kommunen skal i løpet av 2013 gjennomgå alle andre kommunale planer for å vurdere om desse planane skal forlengast, reviderast, eventuelt samordnast eller avsluttast.*

### **2.3 SAMFUNNSDELEN- VEDTEKNE TEMA**

Desse tema skal greiast ut eller konkretiserast:

1. Fordelar og ulemper ved å ta i bruk ulike alternativ av dagens og morgondagens løysingar for kommunikasjon og dialog. Det moderne Øystre Slidre vil vere sentralt i arbeidet.
2. Det skal arbeidast vidare med slagord, visjon og verdigrunnlag for samfunnsutviklinga
3. Status, utfordringar og mulegheter knytte til berekraftig utvikling, klima og energi, natur og kulturmiljø skal konkretiserast.
4. Status, utfordringar og mulegheter knytte til ungdom skal konkretiserast.
5. Hyttebygging er viktig næring i kommunen og må konkretiserast som del av satsingsområdet 1 "Nærings- og samfunnsutvikling".
6. Nasjonalparklandsby.
7. Plan for samfunnssikkerhet og beredskap skal vurderast og konkretisering på bakgrunn av status og utfordringar.
8. Rammevilkår for frivillege organisasjonar tilføyast i kap 8 behov for utgreiing.

### **2.4 KOMMUNAL ØKONOMI**

Øystre Slidre kommune har ei sterk finansiell stilling ved utgangen av 2013.

Kommunen sin økonomiplan for 2014-2017 er basert på ein sunn driftsøkonomi, utvikling av disposisjonsfond og lånegjeld innanfor gjeldande handlingsregel vedtatt av kommunestyret i 2013.

#### **Det er fastsett følgjande resultatmål :**

*( basis i sum driftsinntekter i sist avlagt årsrekneskap eks. inntekter frå sjølvkostområde og rentekompensasjon*

- **Netto driftsresultat 3,0%**
- **Disposisjonsfond 17,5%**
- **Lånegjeld 40,0%**

Kommunen sin økonomi i åra framover vert påverka av nasjonale endringar av inntektssystemet.

### 3 ØYSTRE SLIDRE- RESSURSGRUNNLAG

#### 3.1 EIT KOMMUNESAMFUNN I VALDRES, FJELLREGIONEN OG INNLANDET

**Folketal:**

Folketal 2013 (3. kvartal): 3197




Folketthet: 3,3 personar pr. km<sup>2</sup>

**Totalareal på 963 km<sup>2</sup> fordeler seg slik på markslag:**

- Ope areal, tettstad og anna: 471 km<sup>2</sup> (49 %)
- Skog - totalt : 258 km<sup>2</sup> (27 %)
- Skog - produktiv : 116 km<sup>2</sup>
- Myr : 128 km<sup>2</sup> (13 %)
- Innsjøar og vassdrag : 82 km<sup>2</sup> ( 9 %)
- Dyrka mark : 24 km<sup>2</sup> ( 2 %)

**Arealfordelig eigedomstilhøve og bygda - fjellet (fjellgrense):**

- Privat grunn : 413 km<sup>2</sup> (43 %)
- Statsgrunn : 550 km<sup>2</sup> (57 %)
- Areal i bygda: 169 km<sup>2</sup> (17 %)
- Areal i fjellet : 794 km<sup>2</sup> (83 %)



**Arsnedbør – middeltemperatur (Nov 12 – Okt 13):**

	Nedbør (mm)		Middeltemperatur (°C)			
	Arsnedbør	Normal	Ar	Sommer	vinter	Normal
Løken	854	590	1,4	12,7	-11,0	1,6
Beitostølen	846	-	0,2	10,4	- 8,9	-

Normal temperatur og nedbør: Periode 1981 - 2010

**Teiknforklaring**

- Avgrensning statsalmenning - statsgrunn
- Fjellgrense - utgreiing om fjellpolitikk
- Langstølsområde
- Heimstølsområde
- Offentleg veg
- Privat veg



<p>Største næringane: Helse, landbruk, turisme og hytter, og offentleg tenesteyting. Pr 1.1.2014 var 1008 verksemder registrerte i kommunen (Brønnøysund- enhetsregistret). Av om lag 240 aktive gardsbruk i kommunen, driv dei fleste med mjølk- og kjøttproduksjon, samt småskala matproduksjon. Støling er eit kjennemerke og identitetsskapar for innbyggjar og gjest. Meir enn 85% av landbrukseigedomane nyttar fjellbeita til kyr, geit og sau og driv enno med mjølkeproduksjon på stølen. Kommunen er den største arbeidsgjevaren, med 165 årsverk. Beitostølen Helsesportsenter har ca 100 tilsette og er internasjonalt kjent for Ridderrennet som har 50 års jubileum i 2014.</p>	 <p>Utsikt over Volbufjorden.  Tor Harald Skogheim</p>
<p><b>Naturen, landbruket med stølsdrifta og Beitostølen Helsesportsenter bana vegen for eit omfattande reiseliv og hyttemarked.</b> Beitostølen er turiststaden som gjere Øystre Slidre til ein stor regional og nasjonal reisedestinasjon. Dei tre største hotella har 85 tilsette.</p>	
<p>Øystre Slidre har skifer i kommunevåpenet. Skiferindustrien er over 200 år gamal og var lenge ei stor eksportnæring.</p>	
<p>Prosentvis er arbeidsplassane fordelte slik (2012): offentleg tenesteyting 30%, landbruk 21%, industri, produksjon, bygg og anlegg 16%, hotell og restaurantdrift 16%, privat tenesteyting 10%, og varehandel 7%.</p>	
<p>Kommunen har full barnehagedekning, to nye barneskular og ein ungdomsskule.</p>	
<p>Kommunen har i mange år vore mellom dei beste kommunane i NHO's Kommunebarometer. I 2013 var kommunen nr 30.</p>	
<p>Kommunen er nabo til Jotunheimen Nasjonalpark og vertskommune for delar av Langsua nasjonalpark og den nasjonale turistvegen Valdresflye. Beitostølen som tettstad ligg sentralt i høve nasjonalparkane og vegen. Dette gjev styrke og mulegheit for utvikling i åra framover.</p>	
<p>Avstand frå Øystre Slidre til dei største byane er: Bergen 310 km, Gjøvik 120 km, Hønefoss 150 km, Lillehammer 130 km, Oslo 200 km og Trondheim 370 km.</p>	

### 3.2 ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE - ROLLER OG ORGANISERING

Brucarundersøkingar tilseier generelt at innbuarar, næringsdrivande og hyttegjester/ eigarar er godt nøgde med kommunen. Kommunen sine oppgåver er dels lovpålagde, dels frivillege:

<p>✓ Myndighetsutøvar og forvaltar av felles verdjar</p>	<p>✓ Samfunnsutviklar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Aktør i aktivt folkehelsearbeid</li> <li>○ Aktør i regionalt samarbeid</li> <li>○ Aktør i lokalt samarbeid- og utviklingsarbeid</li> </ul>
<p>✓ Tenesteleverandør</p> <p>Målgrupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Barn og ungdom</li> <li>○ Vaksen og eldre</li> <li>○ Familie, einsleg, innflyttar/ innvandrar,</li> <li>○ Gjest</li> <li>○ Næringsorganisasjonar og verksemder</li> </ul>	<p>✓ Arbeidsgjevar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ ØSK ei IA- verksemd</li> <li>○ Arbeidstakar kompetansen er oppdragsgjevar sin viktigaste "arbeidskapital".</li> </ul>

#### Administrativ organisering


Ny organisasjonsmodell vart iverksett 1.1.2013. Nøkkelord i modellen sin grunnmur er:

Trygg: \_ Vi står saman i ver og vind

Stolt : \_ Alt for Øystre Slidre kommune

Ansvarleg: Søker rett veg til beste for kommunens innbyggjarar, tilsette og overordna myndighet (herunder norsk lov)

Framtidsretta:



### 3.3 STATISTIKK- OVERORDNA

#### *Mø so' bur her !*

Vi er 1. januar 2014: **3.206 personar**


Det er 1608 menn og 1588 kvinner (3. kv 2013). Kvinneoverskotet vert markert etter alder av 50 år.

Overskotet av gutar er stort blant dei yngste.


Øystre Slidre har hatt eit svært stabilt folketal etter at vi passerte 3.100 i 1983.

Talet har lege mellom 3.060 og 3.200 i heile 30-års perioda.

Vi er slik fordelt i alder og kjønn ved inngangen til 2014:



Vi kan vise det same som ei "befolkningspyramide". Den ser slik ut for 2013:



Folketalet hadde slik endring i 2013:

Folketal pr. 1. januar 2013	3.197 personar
Fødde i 2013	31 personar
Døde i 2013	41 personar
Flytt til kommunen (25 frå utlandet)	134 personar
Flytt frå kommunen (10 til utlandet)	115 personar
Folketal pr. 31. desember 2013	3.206 personar
Endra folketal	9 personar


Av våre innbuarar er 230 fødte utanfor Noreg.

Det er no 1.433 hushaldningar i kommunen med i snitt 2,2 personar i kvart hushald.


10% av husvera er <30 m<sup>2</sup>, 31% mellom 30-59 m<sup>2</sup>, 31% mellom 60 – 99 m<sup>2</sup> og 28 % over 100 m<sup>2</sup>.

Vi bur i større husvere enn landssnittet.

Utvikling av sivilstand blant våre innbuarar:




Folketalsutvikling i grunnkrinsane i kommunen:



## Framskriving av folketalet i Øystre Slidre

### Middels nasjonal vekst



Framskriving av folketalet i kommunen fortel oss at behov for barnehageplassar og skuletilbod vil vere stabilt i heile perioden. Tal vaksne som kan vere yrkesaktive vil vere stabilt i 20 år framover og deretter falle noko.

Tal unge pensjonistar aukar med 20% dei næraste 5 åra for deretter stabilisere seg og falle noko mot 2030 for igjen og auke mot slutten av perioden. Menneske over 80 år vil vere relativt stabil dei næraste 8 åra, men deretter auke til det doble i 2040. Folketalet vil auke med ca. 100 kvart 5-te år dei 15 første åra for så å flate ut til nær nullvekst.

Ein ventar at levealderen vil auke om lag 2,5 år i perioden. Vi kan grovt rekne at vi vil "vere 2 år friskare" mot slutten av perioden.

## 4 OVERORDNA FØRINGAR

### Berekraftig utvikling og bruk

*Berekraftig utvikling* og bruk er ei utvikling som møter behova i dag utan å redusera mulighetene for at komande generasjonar skal få tilfredsstilt sine behov. Berekraftomgrepet har tre dimensjonar: økologisk, sosialt og økonomisk. *Fornybare* og *ikkje-fornybare ressursar* er sentrale omgrep. *Fornybare ressursar* (typisk biologisk produksjon) må disponerast slik at reproduksjonen blir sikra. Tømming eller varig omdisponering av *ikkje-fornybare ressursar* (t.d. mineral, olje, gass, kol og areal) treng ikkje vere i strid med bærekraftig bruk. I samband med den økologiske dimensjonen av bærekraftsomgrepet er bevaring av *naturmangfaldet* sentralt. Det omfattar biologisk (økosystem, arter, genetisk materiale), landskap og geologisk mangfald.

## **Klima og miljø**

Klimaendringar er globale med store verknader nasjonalt, regionalt og lokalt. Kommunen må difor i sine mange roller ha fokus retta mot endringar i klima og miljø.

## **Samfunnssikkerhet og beredskap- ROS**

Arbeid med samfunnstryggleik og beredskap har som mål å skape trygge og robuste lokalsamfunn som ikkje utset menneske, materiell eller miljø for unødvendige farar, og som kan handtere alvorlege hendingar og påkjenningar.

## **Folkehelse**

*Folkehelse* kan definerast som befolkninga sin helsetilstand og korleis helse fordelar seg i befolkninga. Målet med *folkehelsearbeidet* er fleire leveår med god helse for den enkelte og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga.

## **Universell utforming**

Krav om universell utforming er innarbeidd i lover og forskrifter. Kravet har dels dekking i likebehandling samt det faktum at dei fleste før eller seinare får nedsett funksjonsevne.

Kravet er "universelt" og gjeld både for offentlege og private aktørar. Det er viktig for eit inkluderande samfunn og for folkehelsa.

## **Eit inkluderande samfunn**

Over tid har samfunna endra seg. Menneska er ulike og vi har ulike føresetnader og behov. Eit samfunn som er inkluderande, som godtek mangfald og skilnader, er eit godt samfunn. Gjennom mottoet "*alle er med*" har kommunen vår eit godt utgangspunkt. Å kunne inkludere alle krev raushet og høg toleranse.

## **5 MEDVERKNAD**

### **5.1 FRAMTIDSVERKSTAD FOR OG MED UNGDOM**

I samsvar med planprogrammet er arbeidet med framtidswerkstad for og med ungdom starta opp. Konstruktive innspel er motteke frå oppstartsamlinga 21.09.13. Det er positivt at ungdomsrådet har sett temaet på saklista både i møte 18.10. og 31.10. I møte 3.12.13 har ungdomsrådet drøfta tema "*informasjon/ kommunikasjon*".

Ungdomane omtalar bygdesosiologiske kulturskilnader, eit forhold som er kjent frå andre store reiselivs- og hyttedestinasjonar.

Ungdomane etterlyser sommarjobbar og tilgang til rimelege bustader.

Ungdomsrådet har drøfta tema "*informasjon og kommunikasjon*". Dei gjev uttrykk for kva sosiale media ungdom brukar. Kommunen si heimeside vert oppfatta som "traust", fengjer ikkje ungdom, lite interessant med mykje informasjon "som ikkje er mynta på ungdom". Framlegg om å utvikle eigen "app" til smart- og android- telefonar, "bildefeeder" frå instagram med meir. Innhald til "app" er føreslått. Ungdomsrådet er villeg til å bidra i arbeidet.

Det er gjennomført egne prosjekt i andre kommunar i Oppland med tema sosiale media.

### **5.2 INNSPELMØTE - NÆRINGAR**

Som ledd i postane "Næringsseminar- Beitostølen" og "Temamøte landbruk" i planprogrammet, inviterte prosjektgruppa til innspel møte, eit arbeidsseminar den 4. november 2013. Godt oppmøte, stort engasjement og positive attendemeldingar gjev grunnlag for vidare oppfølging både i og mellom dei private næringsmiljøa, og i samarbeid med kommunen. Innspel frå møtet, sjå resymé som vedlegg, er forsøkt innarbeidd i framlegget til "kommuneplan- samfunnsdelen". Nokre nøkkelord frå innspelmøtet om utviklingspotensiale:

Samordning/ samhandling internt og ”på tvers”	Kunnskapsbehov- etablering, bedrifts-, produktutvikling og markedsføring
Felles prosjekt- kvar sin lykkes smed	Etablere ”samordningsråd”
Felles produkt - kva er merkevara?	Opplevingsaktivitetar/ fylgje nye trendar

## 5.3 ANNA MEDVERKNAD I PLANARBEIDET

Grendemøte og næringsseminar; sjå planprogram og planstrategi, jfr. ”oppfølging i plansamanheng”.

## 6 TEMA

### 6.1 RISIKO, SAMFUNNSSIKKERHET OG ROS- ANALYSE

Fylkesmannen i Oppland omtalar status i ”kommunebylde 2013”. Fylkesmannen ber kommunane om å beskrive målsettingar og føringar for samfunnssikkerhet og beredskap i arealplansamanheng.

Heilhetleg ROS- analyse er grunnlag for både kriseberedskap og førebyggjande beredskap i arealplanlegging. Til dette kjem egne konsekvensanalysar der plan- og bygningslova krev det. Kommunestyret vedtok ny ROS analyse for 2014-2017 i desember 2014. Analysen omfattar både kommunen og kommunen si eiga verksemd. Analysen beskriv risiko, konsekvens og samla verknad. Analysen avdekkjer ikkje tilhøve som tilseier at vedteke planverk etter plan- og bygningslova på noko punkt må endrast.

Kommunen er i gang med å revidere gjeldande beredskapsplanar og etablere nye der analysen syner at det trengs. Dette arbeidet skal være ferdig 1. mai 2014.

#### *Utfordring/ moglegheit:*

Resultatet i ROS analysen viser at vassforsyninga er spesielt sårbar. Svikt i forsyninga gjev store konsekvensar. Ein VA- plan er eit hensiktsmessig verkty for å sikre vassforsyninga og redusere sårbarheten for både vasskjelder og forsyningsnettet, kfr. kap. 6.3 og 6.11.

Erfaringar frå nasjonale, men og lokale hendingar i nyare tid om brann som naturkatastrofe kan overførast til Øystre Slidre. Brannvassforsyninga må vere tilstrekkeleg robust både med omsyn til nok vatn og energiforsyning til pumper og aggregat. Brannvassforsyning må inngå i VA- plan.

Ved utarbeiding av arealplanar nyttar kommunen hensynssoner i samsvar med vedtekne standardar når det er nødvendig og hensiktsmessig for kvaliteten av planen.

ROS som tydeleg element i sakshandsaminga kan vere hensiktsmessig for kvalitet i plan og tiltakssaker.

”Mattryggleik (kvalitet og mengde) og forsyningsikkerhet” er ikkje del av tema samfunnstryggleik, risiko og sårbarhet. Kommunen sitt ansvar knyter seg til forvaltaransvar av produksjonsgrunnlaget.

#### *Tiltak:*

- ✓ ROS innarbeidast som emne i saksmal for alle plansaker, verksemdplanar og tiltak.
- ✓ Tiltak om VA- plan, sjå kap. 6.3 og 6.11

### 6.2 BEREKRAFT; NATUR OG MILJØ

Frå Planstrategien – ”Vekst i kvalitet”:

- syte for ei berekraftig forvaltning av kommunen sine naturressursar og ivareta det biologiske mangfaldet.

- bevare og vidareutvikle sine natur-, kultur- og miljøkvalitetar.

I denne samanhengen dekkjer miljø også kulturmiljø.

## Berekraft

Sjå definisjon kap. 4.1 og delmål ”Vekst i kvalitet». Desse planane/ prosjekta/ utgreiingane har Øystre Slidre forankra i begrepet berekraft med tydelege mål og tiltak om berekraft:

Energi- og klimaplan (2009-2013)	sjå kap. 6.4
Landbruksplan (2009 – 2012)	sjå kap. 6.10.1
Stølsprosjektet (2003-2005)	sjå kap. 6.10.1
Kjerneområde i landbruket(2011-2013)	sjå kap. 6.10.1
Fjellpolitikk <sup>1</sup>	sjå kap. 6.10.1
Stig- og løypeplan (2012-2015)	sjå kap. 6.9.1

<sup>1</sup> Utgreiinga vart ikkje slutthandsama. Vedtaket i formannskapet 23.02.12 sak FS-004/12 lyder, sitat: *Kommunen gjer ikkje meir arbeid med fjellpolitikken nå. Stølsprosjektet er retningsgivande forvaltning av stølsområde. Kommunen kjem attende til fjellpolitikken i samband med revisjon av kommuneplanen.*

## Sentrale rammer og verkemiddel

Viktige sentrale rammer og verkemiddel for ei berekraftig utvikling finn vi i lover, forskrifter og ulike policy- dokument, jamfør referanselista kap 10.

Noreg har slutta seg til ei rekke internasjonale konvensjonar og erklæringar på området.

## Naturmangfaldlova

Lova - *lov av 19. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald* har som mål å stanse tap av biologisk mangfald, ta vare på naturmangfaldet og legge til rette for berekraftig bruk av naturen.

Lova har reglar for berekraftig bruk med *forvaltningsmål* for naturtypar, økosystem og artar, generell aktsemd og miljørettslege prinsipp for *offentleg beslutningstaking*. *Den norske raudlista* (2010) har oversikt over *sårbare og truga artar*. *Den norske svartelista* (2012) har oversikt over framande artar med svært høg og høg risiko. Artsforvaltning og områdevern, *prioriterte artar* og *utvalde naturtypar* inngår i reglane.

Virkefeltet inneber at lova vert omtala som ei *tverrgåande lov* på linje med forvaltningslova som skal sikre minstestandard på all saksbehandling. Naturmangfaldlova skal sikre minstestandard på offentlege vedtak om natur.

## Plan- og bygningslova


Lova er i særstilling med omsyn til arealdisponering. Lova sitt føremål er mellom anna å ”fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.”

Naturverdiane i eit område kan og sikrast ved kommuneplanens arealdel og reguleringsplan.

Vernet blir som regel mindre omfattande enn vern etter naturmangfaldlova, og systemet for arealplanlegging inviterer i større grad til revurdering med visse mellomrom. Opne fullmakter i arealplanlegginga må også nyttast i lys av kapittel II i naturmangfaldlova.

Planar på alle nivå etter plan- og bygningslova kan ha store konsekvensar for energibehovet til bygningar og transport. Eit viktig verkemiddel er vedtekter etter § 11-9 om energitilknytning i samband med utbygging samt samordna areal og transportplanlegging.

Status og aktuelle lokale og regionale planar/prosjekt:


<p><b>Områdevern</b> Kommunen har 4 område verna etter naturvernlova, jfr. kartoversikt.</p>			
<p><b>Område</b></p>	<p><b>År</b></p>	<p><b>Areal (km2)</b></p>	<p><b>Vernehensyn:</b></p>
<p>Langsua nasjonalpark</p>	<p>2011</p>	<p>123.83</p>	<p>Å ta vare på et stort, sammenhengende og i det vesentlige urørt og villmarkspreget naturområde som inneholder særegne og representative øko- systemer og landskap som er uten tyngre naturinngrep.</p>
<p>Haldorbu landskapsvernområde</p>	<p>2011</p>	<p>58.60</p>	<p>Å ta vare på et natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi, opplevingsverdi, og som er identitetskapende.</p>
<p>Kjølaåne naturreservat</p>	<p>2011</p>	<p>19.05</p>	<p>Å ta vare på eit spesielt myr- og våtmarksområde og eit svært viktig leveområde for sjeldne og sårbare plante- og fugleartar.</p>
<p>Sanddaltjern naturreservat</p>	<p>1990</p>	<p>2.95</p>	<p>Å bevare et viktig våtmarksområde og vegetasjon, fugleliv og anna dyreliv som er naturlig knytt til området, særlig av hensyn til hekkende ender og vadefugl.</p>
<p>Sum areal</p>		<p>204.43</p>	

**Vassdragsvern**

Kommunen har 3 varig verna vassdrag frå verneplan I og IV. Vernet gjeld heile nedbørfeltet. Reglar om verna vassdrag i vassressurslova kap V samt RPR ”Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag” (Kongelig resolusjon av 10.11.1994). Kommunen har reglar om varig verna vassdrag i arealplanen. Meir info om verna vassdrag på NVE si heimeside: <http://www.nve.no>

For Etna og Sjoa gjeld at vernet og RPR inneber at det ikkje kan gjerast inngrep i vassstrengen eller i nedbørfeltet som endrar dei naturlege vassføringsvariasjonane eller som i vesentleg grad påverkar dei vassdragsnære områda (100 m sone). Vernevedtak i tidlege verneplanar (I og II) var ofte basert på dårlegare underlag/dokumentasjon enn seinare verneplanar.





Vassdrag	Verneplan	År	Areal (km <sup>2</sup> )
Etna	IV	1993	122.22
Heggefjorden	I	1973	1.89
Sjoa	I	1973	23.87
Sum areal			147.98

**Etna**

Øvre del av Etnavassdraget ligg i Ø. Slidre. Areal i kommunane Nord – Aurdal, Etnedal og Nordre Land inngår i vernet.

Vernegrunnlag: ”Foreslått typevassdrag. Elver, vann og myr er viktig del av et variert landskap i kontinentalt klima, fra høyfjell til sletteland. Stort naturmangfold knyttet til geomorfologi, elveløpsformer, botanikk, landfauna og vannfauna. Store kulturminneverdier. Friluftsliv er viktig bruk”.

**Heggefjorden**

Vernet omfattar berre sjølve innsjøen, men det er atterhald om ei regulering på 1 m.

Vernegrunnlag: ”Innsjøens verdi som landskapselement. Friluftsliv er viktig bruk”.

**Sjoa**

Omfattar i hovudsak Ø. Slidre sin del av i Leirungsdalen (Leirungsåne) i grenseområdet mot Vågå.


Vernegrunnlag: ”Urørthet. Størrelse og beliggenhet sentralt i Sør-Norge. Vassdragets breer, elver, vann og myr er viktige deler av et visuelt attraktivt og kontrastrikt landskap med store høydeforskjeller fra alpine fjell til dalbunn. Stort naturmangfold knyttet til elveløpsform, geomorfologi, botanikk, landfauna og vannfauna. Store kulturminne-verdier. Innfallspport til Jotunheimen. Friluftsliv, reindrift og landbruk er viktig bruk”.

**Prioriterte artar og utvalde naturtypar**

Med heimel i naturmangfaldlova er det vedtatt forskrifter for prioriterte artar og utvalde naturtypar. I Øystre Slidre er det naturtypen *slåttemark* og prioritert art *dragehovud*. Kommunen har forvaltningsansvar for utvalde naturtypar. Fylkesmannen har ditto ansvar for prioriterte artar.

Det er registret 31 område med *slåttemark* med totalt areal på 1851 da. For dei mest verdifulle slåttemarkene (A - område) vil det bli utarbeida skjøtselsplanar.

Det er registrert 51 område/ lokalitetar med *dragehovud*.






Dragehoved fotografert ved Skammestein – prioritert art for Ø. Slidre. Foto: Ulf Ullring



Slåttemyr sør for Heimre Hedalsstølen – utvald naturtype for Ø. Slidre. Foto: Ola Hålimoen

**Tiltak:** Utarbeide skjøtselsplanar

**Raudlisteartar og freda artar**



I følgje artsdatabanken er det registrert 105 raudlisteartar i kategoriane kritisk truga (CR), sterkt truga (EN), nær truga (NT) og sårbar (VU).

Meir info:  
[www.artsdatabanken.no/frontpageAlt.aspx?m=2](http://www.artsdatabanken.no/frontpageAlt.aspx?m=2)

Gruppe	CR	EN	NT	VU	SUM
Dyr og fuglar	1	4	27	14	46
Planter	2	0	10	2	14
Sopp	1	4	26	14	45
Sum	4	8	63	30	105

Symbol på kart:  
 Rød farge - dyr/fugl,  
 fiolett - planter,  
 grøn – sopp

Freda artar i kommunen: *Hautmarinøkkel*, *marisko*, *svartkurle* og *apollosommerfugl*.



Hautmarinøkkel fotografert på baserik mark ved Urek. Sjeldan indikatorart på beitemark med lang kontinuitet.  
 Foto: Ulf Ullring

## Energi og klima- klimafotavtrykk

Oppland Fylkeskommune har utarbeidd klimarekneskap for kommunal tenesteproduksjon for alle kommunane i Oppland. (*MISA 2013: Beregning av klimagassutslipp for kommuner i Oppland*)

Klimafotavtrykket (1,1 tonn pr. innbyggjar) for Oppland er høgre enn nasjonalt gjennomsnitt (0,99 tonn). Faktorar som er med å forklara dette: mange små kommunar, omfattande hyttebusetnad, kjøligare klima og store investeringar på VAR- området. Rapporten konkluderer med at energibruk på VAR-området bør vere eit fokusområde framover.

Øystre Slidre hadde i 2011 det høgste klimafotavtrykket av kommunane i Oppland. Det skuldast store investeringar på skulesektoren og VAR-sektoren.

## Sårbarhetsanalyse- miljø

”Sårbarhetsanalyse – miljøkriminalitet” er utarbeidd av Øystre Slidre Fjellstyre og Øystre Slidre kommune, mai 2012. Analysen er underlag og verkty for utfordringar og problemområde med hensyn til miljøkriminalitet. Analysen er forankra i rundskriv 2008/08 om organisering og ansvar for politidistrikt og lensmannskontor/ driftseining. Analysen skal nedfellast i politimesteren sin strategiplan og driftseiningane sine verksemdplanar.

**Tiltak kap 6.2:** Kunnskapsgrunnlaget i kapittel 6.2 skal leggjast til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

## 6.3 VASSMILJØ

Vassdirektivet og vassforskrifta *Forskrift om rammer for vassforvaltningen (FOR 2006-12-15)* er nasjonal oppfølging av EU sitt vassdirektiv. Vassforskrifta har som mål:

- Gi rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre mest mogleg heilskapleg ivaretaking og berekraftig bruk av vassførekomstane.
- At det blir utarbeida og vedteke regionale forvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram med sikte på å oppnå miljømåla og sørge for at det blir utarbeidd nødvendig kunnskapsgrunnlag for dette.

Det skal utarbeidast og vedtakast regionale vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksplanar innan utgangen av 2015. Det er vassregionmyndigheita som har det overordna ansvaret for utarbeiding av regionale vassforvaltningsplanar. For vassregion Vestviken er det Buskerud Fylkeskommune som er vassregionmyndigheit.

### Vassområdearbeidet

Innleiingsvis har inndeling av vassdraga i vassførekomstar, kartlegging av påverknadsfaktorar og vurdering av miljøtilstand samt risiko for ikkje nå miljømåla innan 2013 vore sentralt i arbeidet. Nasjonalt miljømål er *god økologisk tilstand* innan 2021. For vassdrag som er sterkt prega av fysiske inngrep (m.a. vassdragsutbygging) er miljømålet *godt økologisk potensiale*.

Viktigaste påverknadsfaktorar på vassdraga i Ø. Slidre er:

- Jordbruk
- Spreidd avløp
- Vasskraftutbygging


Konsentrasjon av næringsstoffet fosfor i vassdraga i tillegg til biologiske registreringar (t.d. klorofyll a, algar) er sentralt i samband med kartlegging av miljøtilstand. Kartoversikt syner stasjonar for kartlegging/overvaking i 2013. Fosfor tilført vassdrag består av naturleg avrenning og menneskeskapt tilførsel. Menneskeskapt fosforavrenning i Ø. Slidre er utrekna til vel 500 kg pr. år med lik fordeling på jordbruk og spreidd avløp som dominerande kjelder.

Ø. Slidre har areal innafor 3 vassområde: Mjøsa, Randsfjorden og Valdres, jfr. kartoversikt. Innafor vassområde Randsfjorden er det pr. nov. 2013 ingen vassførekomstar med risiko. Vinstervassdraget er plassert i risiko med bakgrunn i kraftutbygging. Det same gjeld mesteparten av Begnavassdraget ned

til Heggefjorden. Vinda sør for S. Vindin, Volbuelva og bekkefelt rund Volbufjorden er klassifisert i risiko med jordbruk og spreidd avløp som viktigaste påverknadsfaktorar. Hytteområde på auståsen er klassifisert i risiko med bakgrunn i påverknad frå spreidd avløp.

I risikovurdering skal også viktige utviklingstrekk/trendar fram mot 2021 vektleggast. Følgjande utviklingstrekk/trendar er vurdert som sentrale:

- Endringar i klima med høgare temperatur, auka nedbør og nedbørintensitet. Dette aukar faren for arealavrenning av næringsstoff, og gjev større utfordringar m.o.t. handtering av overflatevatn og framandvatn i høvesvis leidningsnett og reinseanlegg.
- Framføring av straum til eksisterande hytteområde. Dette fører ofte til standardheving med auka vassforbruk og fare for auka arealavrenning. Framføring av straum er uavhengig av kommunale planprosessar.



Vassområdearbeidet omfattar også tema som *biologisk mangfald og framande artar*.


Stadeigne aurebestandar har verdifullt genetisk materiale og er dermed viktige for det biologiske mangfaldet. Ørekyta er framand art i våre vassdrag, og representerer den største trusselen mot aurebestandane i gode fjellvatn. Etablering av ørekyt kan redusere produksjon av aure med 30-40 %.



Vassområdearbeidet skal også ivareta alle brukarinteressene knytt til vassdraga. Vassdrag med god økologisk tilstand er viktig del av opplevingsproduktet for reiselivet, og grunnlag for fysisk aktivitet, oppleving og folkehelse for fastbuande og tilreisande.

*Furustrand friområde.*  
Foto: Toralf Baldersheim

Kartet syner opprinnelege og stadeigne aurebestandar samt område som pr. 2013 ikkje har ørekyt.



**Tiltak:**

- ✓ Kunnskapsgrunnlaget i kapittel 6.3 skal leggjast til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel.
- ✓ Vassmiljø og VA- plan jfr. tiltak i kap 6.1 og 6.11

**6.4 ENERGI OG KLIMA**

Energi- og klimaplan (2009-2013) har som visjon at:

*Øystre Slidre kommune skal skape energi- og klimafokus for all verksemd og samfunnsutvikling.*

Planen har følgjande hovudmål:

- Redusere lokale utslepp av klimagassar hos næringsliv, offentleg verksemd og i private hushald i samsvar med det Oppland Fylkeskommune har vedtatt.
- Auke bruken av alternative fornybare energikjelder til oppvarming, og ha fokus på generell energieffektivisering.
- Skape arbeidsplassar og lokal verdiskaping innan energiproduksjon og foredling
- Bidra til auka kunnskap om miljø og miljørette handlingar gjennom handlingsskapande arbeid frå barnehage til sakshandsaming, og gje informasjon om ressursar og energibruk.

Kommunen har også vedteke *regional energi- og klimaplan* for Hallingdal og Valdres.

Tiltak som ikkje allereie er inne i kommunal energi- og klimaplan vil bli vurdert og evt. innarbeida ved revisjon av denne.

Stort privat anlegg for biovarme er etablert på Beitostølen med forankring i klima- og energiplanen. Kommunen fyrer Lidar Skule og Rogne Skule med biobrensel.

**Utfordring/ moglegheiter:**

Kommunen kan leggje til rette for meir miljø-transport:

- Eigne køyrety/ kjøpt transport
- Leggje til rette for ladestasjonar og produksjon av alternativt drivstoff

**Tiltak:** Energi- og Klimaplanen skal forlengast og reviderast. Revisjon bør ta til i 2015.

## 6.5 FOLKEHELSE

Frå planstrategien- satsingsområde nr 3:

- Øystre Slidre skal vera over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse.
- Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vera betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen, slik intensjonen er i den nye Folkehelselova.
- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får moglegheiter til ein sunn livsstil.

Satsingsområde nr 7 Idrett og kultur:

- Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.
- Øystre Slidre ynskjer å vere den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbud innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen.
- Øystre Slidre skal støtte opp om eldsjelene og frivillig sektor og arbeide for eit breitt tilbud innan kultur, friluftsliv og idrett i heile kommunen. Gjennom Samfunnsdelen skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

Samhandlingsreforma, ny folkehelselov med forskrifter, stortingsmelding nr 34- folkehelsemeldinga, ny helse- og omsorgslov, plan- og bygningslova og ”Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging” inneheld viktige føringar for folkehelsearbeidet.

Folkehelselova byggjer på fem prinsipp for folkehelsearbeidet:

- 1) utjamning
- 2) helse i alt vi gjer
- 3) berekraftig utvikling
- 4) føre-var
- 5) medverknad

I ny folkehelselov er planlegging vektlagt som eit sentralt virkemiddel i folkehelsearbeidet. I flg. *forskrift om oversikt over folkehelsa*, skal kommunane utarbeida eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet. Oversiktsdokumentet skal vera ferdig utarbeida ved oppstart av arbeidet med planstrategi etter plan- og bygningslova § 7-1 og § 10-1. Planar utarbeida etter plan- og bygningslova, skal i trå med § 3-1 første ledd bokstav f, «fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet».


### Folkehelsearbeid

Folkehelsearbeidet er samfunnet sin innsats for å påvirke det som direkte eller indirekte fremjar folk si helse og trivsel, førebyggjer psykisk og fysisk sjukdom, skade eller lidning, eller som beskyttar mot helsetruslar. I tillegg er utjamning av sosiale helseforskjellar viktig i dette arbeidet.

For kommunen handlar det om å bli ein god stad å bu for alle; gode bu- og nærmiljø, eit levande samfunn, oppvekstvilkår for barn og unge som fører til trivsel, læring og meistring, legge til rette slik at kvar enkelt kan gjera sunne val og ha ein livsstil som fører til god helse. Ansvar for folkehelsearbeidet er lagt til kommunen som heilheit og ikkje berre på kommunen si helseteneste.


### Premissleverandørar i folkehelsearbeidet:

Det er berre 10% av folks helseproblem helsetenesta kan gjera noko med. Dei resterande 90% må løysast utanfor helsetenesta ved at folk får betre livsstil og ved betring av dei generelle livsvilkåra. (10-90-REGELEN (Wildavsky 1977)). Nedanfor er ein illustrasjon som syner eit bilete av alle premissleverandørane i folkehelsearbeidet i samfunnet vårt; både i det *kommunale tenesteapparatet, staten, fylke og frivillige organisasjonar*. (Kjelde: Helsedirektoratet). Her ser vi tydeleg forholdet mellom den vesle biten som helsetenesta står for og alt som ligg utanfor.



**Faktorar som påverkar helse:**

Figuren nedanfor er basert på den sosiale helsemodellen av Whitehead og Dahlgreen (1991). Den gjer oss eit bilete av ulike faktorar som påverkar helse. Innerst har vi dei upåverkelege faktorane som alder, kjønn og arv. I dei neste ledda finn vi faktorar som individuell helseåtfærd og sosiale, kulturelle og økonomiske forhold som alle er med på å avgjera helsetilstanden.



**Status:**

- Folkehelseoversikta:**  
Øystre Slidre kommune er ikkje i mål med å utarbeida folkehelseoversikt som vi er pålagt etter forskrifta. Folkehelseprofilane, ”ung data undersøkinga”, og nyleg utsendt spørjeskjema til utvalde husstandar i Øystre Slidre om folkehelse og levekår, er viktige bidrag til oversikta. Kravet om utarbeiding av folkehelseoversikt kvart fjerde år og at dette skal vera ferdig utarbeida ved oppstart av arbeidet med planstrategi etter plan- og bygningsloven § 7-1 og § 10-1, tilseier at oversiktsarbeidet må vera ferdig innan våren 2015. Då er det klart til neste kommuneval og kan vera med som underlag når det skal utarbeidast ny planstrategi.
- Planer som er sentrale i folkehelsearbeidet:**  
Kommunen har m.a. utarbeida kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, barne- og ungdomsplanen, stig- og løypeplan og er i gang med trafikksikringsplan. Kommunen skal utarbeide eigen folkehelseplan i etterkant av kartlegginga.
- Folkehelseprofil**  
Folkehelseinstituttet har utarbeida folkehelseprofilar for åra 2012, 2013 og 2014. Folkehelseprofilen er delt opp i desse temaområda:

- Om befolkninga
- Levekår
- Miljø
- Skule
- Levevanar
- Helse og sjukdom

Folkehelseprofilen for 2014 indikerer at Øystre Slidre ligg på høgde med landet forøvrig på alle område med unntak av helse og sjukdom. Her går det fram at vi ligg høgare når det gjeld sjukdomar og plagar knytt til muskel- og skjelettsystemet.

Folkehelseprofilen gjev ikkje åleine eit godt nok bilete på korleis vi ligg an når det gjeld folkehelse og utfordringar. I folkehelseoversikta vil vi samle informasjon frå fleire kjelder.

- **Bu- oppvekst- arbeid:**

Øystre Slidre kommune har

- barnehageplassar til alle som treng det, høg barnehage- og lærardekning og mange fagarbeidarar.
- nye skular, bra med utstyr, høgt utdanna lærarar
- mykje plass, attraktive fritidsområde, fjell og vatn.
- eit rikt tilfang av ulike kulturaktivitetar og arrangement.
- låg arbeidsløyse
- kommunen har eigen folkehelsekoordinator
- kommunen har frisklivsentrar
- krevjande topografi som gjer Øystre Slidre utfordringar med å tilfredsstillle måla om universell utforming i alle tiltak og eksisterande bygg og anlegg.
- Aktive idrettslag

### **Idrett og fysisk aktivitet** (flytta i h.h.t. KS- sak 012/14)

Idretten betyr svært mykje for heile samfunnet Øystre Slidre; både for innbuar, gjest og næringsliv.

Eigen kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er sist revidert desember 2013.

Øystre Slidre er internasjonalt kjend for store arrangement som Ridderrennet og World- Cup mm.. Kommunen har vedteke eigen ”Strategiplan for store idrettsarrangement på Beitostølen” (2012-2015).

Å vere ”den beste idrettskommunen” er eit svært ambisiøst mål. Det trengs gjerast nokon val:

- ✓ Anlegg
- ✓ Organisasjon og leing
- ✓ Kunnskap
- ✓ Arrangement
- ✓ Utøvarar innan alle idrettsgreinene
- ✓ Idrettsprestasjonar
- ✓ Økonomi

Forholdet topp og breiddeidrett må balanserast. Breiddeidrett i alle aldrar har stor betydning i folkehelsearbeidet. ”Breie” idretts- og andre kulturarrangement gjev god utteljing for frivillege lag- og organisasjonar og næringslivet. Dei er avhengige av kvar andre.

Eigen kommunedelplan for idrett og friluftsliv er utarbeidd og handlingsprogrammet vert revidert 4. kvart år. I samband med inneverande revisjon drøftar idrettslag tilslutta idrettsrådet organisering og tettare samarbeid, alternativt samanslåing.

Ynskjelista om anlegg er stor, og det tek tid å nå fram i prioriteringa i kampen om spelemidlar. Desse forholda kan påverke dette i negativ lei i planperioden:

- Kommersielle nettspel som konkurrentar til Norsk Tipping



- Eit potensielt OL i Oslo 2022.

I lys av dette bør Idrettsrådet initiere ein prosess med dei enkelte laga. Dette bør implementerast i seinare revisjon av kommunedelplan idrett og friluftsliv.

Eit OL i Oslo kan gje mulegheter for utvikling av Øystre Slidre og styrke eksisterande næringsliv:

- Reservearena for skiidrett
- Utvikle regional utdanning
- Arrangementsstad for delar av Para Olympics

Kommunen bør prioritere å målrette sine økonomiske midlar på området til fremjing av folkehelse og barn- og ungdom, gjennom rimeleg tilgang til kommunale anlegg, og ved tilskot til drift av lagseigde anlegg. Samla tilskot rekna for kvar innbyggjar kan vere ein parameter for å måle ”best i kvalitet” på idrettsfronten.

### **Tiltak:**

- ✓ Fullføre folkehelsekartlegginga innan våren 2015
- ✓ Det skal utarbeidast ein samla folkehelseplan på bakgrunn av kartlegginga der innsatsområder blir definert. Planen skal inkludere stig- og løypeplan og kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- ✓ Styrke fokus på folkehelse i plansegmentet «Idrett og fysisk aktivitet».
- ✓ Arbeide tverrsektorielt med folkehelse spørsmål.
- ✓ Auke tilskota til friviljuge lag og organisasjonar.
- ✓ Prioritere eigna grøntkorridorar, og korridorar for stig og løyper i alle prosjekt om utbygging

## **6.6 BU- OG BESØKSKOMMUNE - TETTSTADSUTVIKLING**

Frå planstrategidokumentet- Satsingsområde nr 5: Bustad- og besøksattraktivitet – sentrumsutvikling:

Øystre Slidre skal vere blant dei mest attraktive bu- og besøkskommunane i Oppland. Kommunen skal gjennom *Samfunnsplanen* tilrettelegge for arbeidsplassar, nyskaping, samt lokal grendeutvikling og nærmiljøtiltak og trivselstiltak for dette.

Regional sentrumsutbygging:

Beitostølen skal byggast ut vidare, og vere ein av tre framtidige sentrum i regionen, saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira.

Fylkesdelplan for lokalisering av varehandel (godkjend av miljøverndepartementet 2004) med bakgrunn i ”kjøpesenterforskrifta” definerer:

- ✓ Heggenes som kommunalt handelssentrum.
- ✓ Beitostølen som lokalt handels og bydelssentrum.

Planen legg føringar for lokalisering av kjøpesenter opp til 3000 m<sup>2</sup> bruksareal.

Planen har retningslinje for lokalisering. Om kommunal styring heiter det m.a. at ”*Lokalisering av varehandel skal omhandles i kommuneplanen*”.

Beitostølen er i kraft av det kundegrunnlaget tilreisande og fritidsinnbuarar bidreg til blitt eit handelssentrum av regional betydning. Det er ei utvikling det offentlege vil hjelpe fram. Kommunen satsar med støtte frå Oppland Fylkeskommune på å utvikle det offentlege miljøet på Beitostølen i samarbeid med næringen og grunneigarane. Beitostølen har potensiale som møtestad for fritidsinnbuarane og dei fastbuande i Øystre Slidre. I det er det moglegheiter til alliansar for vidare utvikling.

Beitostølen har i løpet av få år utvikla seg frå å vere ei gruppe reiselivsbedrifter i eit heimstølsmiljø til å ta steget til å bli ein komplett ”nasjonalparklandsby”. Landsbyen har ”voksesmerter”. Det offentlege miljøet ”mellom husa” har ikkje hatt høg prioritet og det er behov for ein innsats for å gjere

Beitostølen til ein trivelegare stad. Tettstaden har nådd ein storleik som og etterspør nye arenaer og møteplassar. Mellom anna er det reist spørsmål om kulturhus.



### Tettstadsutvikling i Øystre Slidre

Øystre Slidre er tradisjonelt ei jordbruksbygd utan velutvikla tettstader. Først dei seinaste åra har Moane, Heggenes og Beitostølen nådd ein storleik slik SSB definerer tettstad. Melbybråten/ Rogne Sør er og nær ein slik definisjon. Kommunen har satsa på å framleis ha ein desentralisert skulestruktur ved bygging av nye barneskular i Rogne og Lidar / Skammestein. Skuleutbygging er kanskje det viktigaste lokaliseringinstrumentet ein kommune rår over. Den er nytta i Rogne og Skammestein. Vi ser eit utviklingstrekk i kommunen der vi langs hovedferdselsåra fylkesveg 51 får ein streng med 5 små tettstader kvar med 200 – 400 innbuarar. Dette gjev små, velfungerande bumiljø med ein rasjonell struktur på kommunikasjon og kollektivtilbod i kommunen.

Vi vil søke å vidareutvikle tettstadene / grendene ut frå den eigenart dei har.

1. Beitostølen som den reiselivsmotor den er.
2. Skammestein som skulestad med nærleik til Beitostølen og der vi søker å tilretteleggje med nye bustader.
3. Heggenes som er senter for handel nede i bygda, der vi finn kommunal tenesteyting der butilbod innan eldreomsorg er tilrettelagt. Vi søker å styrke Heggenes som handelsstad gjennom tilrettelegging for utbygging av ny fritidsbebyggelse i Gravfjellsområdet.
4. Rogne / Melbybråten der vi søker å bygge opp eit berekraftig bumiljø med kort reiseavstand til regionsenteret Fagernes.
5. Volbu vil i kraft av si historie og ressurspersonar vere ”kulturbygda” i kommunen.

Ledige bustadtomter tilrettelagt i kommunen pr. desember 2013:

Bustadområde	Kvar	Ledige tomter
Beitohagin	Beito	6
Klyppemyrhaugen	Beitostølen	24
Stølsli 3	Beitostølen	5
Hestehagin	Heggenes	6
Løkjisskogen	Heggenes	19
Solhauglie	Rogne	20
Nedre Høvshaugen	Rogne	6

Ei liberal haldning til spreidd bustadbygging gjer høve til etablering også for dei som etterspør busetnad utanfor våre tettstader og etablerte bustadområde.

Tabellen viser antal bygg og nye husvere i perioden 2005 t.o.m. 2012:

Type sak	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Nye heilårs- bustader (Bygg)	12	8	9	7	7	16	13	8
Nye husvere	20	10	23	12	8	16	13	8

Mange ungdomar søkjer mellombels ut av byen eller til stader i distrikta der dei finn sesongarbeid og kan realisere seg i naturen, ofte med ski på beina eller andre aktivitetar, gjerne typen ”after ski”. Dette er vanleg i mange reiselivsdestinasjonar.

Varsla endringar i landbruks- og distriktpolitikken kan få store verknader for busetjing i grendene.

Buplikt- reglane, men og delingsreglane kan få store verknader.

Staten endrar verkemiddelapparatet i distrikta og i regionane. Prosjekt som ”Bulyst” og ”Lys i alle glas” er varsla avslutta.

Husbanken har eigne ordningar for kommunane, samt for private som kan søkje lån og tilskot direkte eller via kommunen.

Tatt i betraktning nasjonal folketalsvekst og prognosar for regional og lokal utvikling av folketalet bør det gjerast ei vurdering av kva som skal til for at ungdom slår seg til/ kjem attende, kven som ynskjer flytte hit, kvar dei kjem i frå og kva buform dei føretrekkjer.

Kommunen si rolle som tilretteleggjar, utviklar og forvaltar bør drøftast.

Beitostølen bør ha eit potensiale som nasjonalparklandsby eller fjellandsby.

Utvikling av tettstadane og grendene bør så langt råd er byggje på prinsippa om berekraftig utvikling kombinert med gode uteareal og transportløyisingar som fremjer folkehelse.

### Tiltak:

- ✓ Program for bustadutvikling i kommunen inkludert boligsosial handlingsplan.
- ✓ Legge til rette for nye ”ikkje kommersielle” arenaer og møteplassar i utviklinga av Beitostølen.
- ✓ Utvikle Beitostølen som nasjonalparklandsby og vurdere bygging av eit framtidig kulturhus.
- ✓ Skammestein skal etter lokalisering av Lidar skule prioriterast for etablering av nye tettstadsfunksjoner. Skammestein skal få eit utbud av bustadtomter.
- ✓ Våre øvrige tettstader skal utviklast tufta på deira eigenart.

## 6.7 HELSE- OG OMSORG

Ved handsaming av planstrategien har kommunestyret i sak 062/12 lagt til grunn at arbeidet med kommunedelplan for helse og velferd for planperioden 2012-2016 skal halde fram, uavhengig av framdrift på andre kommunale planoppgåver.

I ei tid med store omskiiftingar i statlege styringssignal og tilhøyrande reformer er det avgjerande for kommunen å ha gode planar som viser korleis kommunen vil sikre befolkninga gode tenester no og i framtida på ulike område.

### MÅL:

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester.
- Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får moglegheit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den naudsynte hjelpa ein treng til ei kvar tid

### Status:

#### Utvikling og planlegging

Arbeidet med delplan for helse og velferd, no kalla delplan for helse og omsorg, er i gang og det er planlagt at arbeidet skal slutførast hausten 2014. Planperspektivet er 2014-2018 men den vil og innehalde ein langsiktig del med perspektiv og prognosar fram mot år 2026.

Eit utviklingstrekk i Valdres er at vi samhandlar om tenestytinga på stadig fleire område. Denne utviklinga vil truleg bli forsterka både fordi vi ser nytta av det, men ikkje minst fordi dei politiske

”vindane” bles i retning av at regionen ser seg tent med å utvikle fellestenester i endå større grad enn tidlegare. Med bakgrunn i dette vil vi syte for at all planlegging og tenestutvikling skal ha med dette perspektivet for å sikre at dei tenestene vi skal drifte i eigen kommune, er berekraftige og robuste nok til å tåle framtidige endringar i kommunestrukturen.

### Tiltak:


- ✓ Utarbeide delplan for helse og omsorg i løpet av 2014. Tiltak og prioriteringar på området vil bli synleggjort gjennom planen.
- ✓ Utvikle det regionale perspektivet i tenestene våre.

### Framskriving av tenestebehov

Om ein legg til grunn framskriving i befolkning og tenesteutviklinga frå *regjeringa.no/KRD* som viser utviklinga fram til 2040, (sjå grafiske framstillingar nedanfor), får ein fylgjande utfordringsbilete:

- Den delen av befolkninga som er i ”arbeidsproduktiv” alder vil endre seg radikalt om ein ser det i perspektivet 2012 – 2040.
- I 2012 representerte denne andelen 60,8% av befolkninga i Øystre Slidre.
- I 2040 er andelen redusert til 54,2%.  
Konsekvensen av dette er at færre bidreg til inntektsskapande aktivitet, og fleire vil ha behov for kommunale tenester.

Nedanfor er grafisk framstilling av framskrivinga av tenestebehovet for institusjon og heimebaserte tenester i perspektivet 2011 – 2040. Dette syner at vi vil ha om lag 120 fleire brukarar i 2040 enn i 2011.




Som eit ledd i arbeidet med å effektivisere tenestene våre, samt å sikre at brukarane våre kan bu heime lengst mogeleg, ynskjer vi å innføre bruk av ulike velferdsteknologiske løysingar som vi meiner vil bidra til dette.

For å møte dei kapasitetsutfordringane som vi ser i framskrivingane våre, er det avgjerande å sjå på tiltak for å motivere brukarane våre til å ta eit større ansvar for eiga helse og rehabilitering. Heimerehabilitering som fenomen er på frammarsj i dei fleste kommunar i Noreg no. Her får brukaren rettleiing og hjelp til å legge til rette for eigeninnsats i rehabiliteringa heime hjå seg sjølv.

### Framskriving av årsverk i pleie og omsorg

Årsverktutviklinga i pleie og omsorgstenestene tilseier ei auke på om lag 55 årsverk mot 2040, om ein legg same tidsperspektivet i framskrivingane til grunn. Den store veksten blir i åra 2020 – 2040. Dette kan bli ei stor utfordring med tanke på at vi ser ein negativ trend når det gjeld å søkje seg til pleie og omsorgsyрка.

Det blir utarbeida strategiske kompetanseplanar både for regionen og ikkje minst i dei ulike kommunane. Rekrutterande tiltak vil få ein viktig plass i desse. Kommunane må legge stor vekt på å marknadsføre pleie og omsorgstenestene alt i grunnskulen, for sidan å følgje dette opp på det vidaregåande steget ved m.a. å legge til rette for besøk/ hosingering i tenestene.



**Tiltak:**

- ✓ Innføre bruk av velferdsteknologiske løysingar.
- ✓ Satse på heimerehabilitering.
- ✓ Prioritere arbeidet med strategiske kompetanseplanar, både på regionalt og lokalt nivå.

**Samhandlingsreforma**

Med samhandlingsreforma fekk kommunane eit økonomisk ansvar for utskrivingsklare pasientar på sjukehusa. Med bakgrunn i at liggetida på sjukehus har gått ned frå om lag 5 døgn i 2010 til 3,5 døgn i 2013, har dette ført til auka behov for korttidsplassar i tillegg til medisinsk og teknisk forsterka sjukeheimsplassar, såkalla intermediærplassar. Sidan 01.01.2012 har kommunane finansiert 20% av kostnadane ved delar av den somatisk behandling på sjukehus.

Øystre Slidre kommune eig og skal drifte ein andel på 17% i det nye lokalmedisinske senteret som skal i drift i 2015. Med etableringa av VLMS utviklar vi eit høgare behandlingsnivå i regionen. Gjennom satsinga på VLMS er vi betre rusta til utviklinga som vi ser i forhold til sjukehusa som har auka fokus på spesialiserte tenester. Difor vil tenestene i VLMS tilpassast slik at dei vil ha ein funksjon før i staden for etter sjukehusinnlegging.

**Tiltak:**

- ✓ Etablere Valdres lokalmedisinske senter VLMS.

**Rus og psykiatri**

Ei regional kartlegging som viser talet på personar i Valdres med aktive rusproblem, viser at det er om lag 100 personar i denne kategorien i Valdres. 64 av desse dobbeltdiagnosen rus og psykiatri. Fleire av desse finn i vi i Øystre Slidre kommune. Utfordringane knytt til deira rusproblem har bidrege til at mange av dei har ein svak sosial status. Mange er utan jobb og hensiktsmessig bustad, nokre har ikkje fast bustad i det heile.

Det er behov for ei ruspolitisk handlingsplan for Valdres. Eit arbeid er i gang og plana byggjer på eit solid arbeid der det er lagt stor vekt på brukar og fagmedverknad. Det er gjort grundige kartleggingar som viser omfanget av rusrelatert problematikk i regionen, og det er foreslege eit sett med tiltak for å møte utfordringane som er avdekka. Det blir opp til kvar av dei seks Valdres kommunane å implementere tiltaka dei finn naudsynte i eigne kommunale planer.

**Tiltak:**

- ✓ Slutføre arbeidet med utarbeiding av Ruspolitisk handlingsplan for Valdres. Plana blir lagt fram til politisk behandling seinvinteren 2014.

**6.8 LÆRING OG KULTUR**

Planstrategi – Mål

- Heile tida vere ei av Noregs viktigaste **kunnskapsbygder**, både på kommunalt og privat nivå.

## Planstrategi- ”Alle er med”

- ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- stimulere fri villigheit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

## Planstrategi- satsingsområde:

### 1. Nærings og samfunnsutvikling.

- Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Kommunen skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidretta næringsliv som gjer det attraktivt å flytte til Øystre Slidre
- Kommunen skal være pådriver og motivator for innovasjon og nyskaping gjennom god og fortløpande dialog med næringslivet, innbyggjarar og hytteiegarar. Arbeidet skal bidra til eit robust, **kunnskapsbasert** og framtidretta næringsliv. Kommunen skal **arbeide for ein kultur** som oppdagar mulighetene og vågar å gripe dei. For å kunne vere blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga

### Nr 2 Oppvekst og læring.

- Øystre Slidre kommune skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til oppvekst og læring.
- Kommunen skal gje borna våre ein trygg oppvekst med like muligheter for utvikling.
- Evna til nyskaping og kunnskap for å kunne ta eigne og gode val for framtida skal stimulerast

### Nr 7 Idrett og kultur.<sup>1</sup>

- Øystre Slidre skal arbeide for ei vidareutvikling og styrking av det gode kultur- og idrettsarbeidet i kommunen.
- Øystre Slidre ynskjer å vere den beste idrettskommunen i Oppland, og arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett i heile kommunen.
- Øystre Slidre skal støtte opp om eldsjelene og frivillig sektor og arbeide for eit breitt tilbod innan kultur, friluftsliv og idrett i heile kommunen. Gjennom *Samfunnsdelen* skal kommunen konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling av dette viktige arbeidet.

<sup>1</sup> Idrett, sjå kap 6.5 Folkehelse

## ØYSTRE SLIDRE- KUNNSKAPSBYGDA

Planstrategien- hovedmål 5 og delmålet »alle er med» føreset kunnskap på mange område: herunder forholdet til barn- og unge, trygg oppvekst, oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge. Til dette kjem kunnskap og evne til innovasjon innan næringslivet og på tvers av næringane. Øystre Slidre er eit samfunn med stor andel av menneske med høg kompetanse. Kan denne kompetansen nyttast, og kan han nyttast betre?

Planstrategi- satsingsområde «Nærings og samfunnsutvikling» beskriv kommunen som ein bidragsytar, men og pådrivar. Dette krev **kunnskap** i kommuneorganisasjonen samt **møteplassar** og **forum for dialog** og kunnskapsformidling mellom kommunen, næringsliv og andre aktørar/interessentar. Satsingsområdet «Oppvekst og læring» er retta mot barn og unge. Her har kommunen (oppvekstetaten) hovudrolla, men andre aktørar kan «på banen» for å utvikle entreprenørskap og innovasjon. Barn og unge, foreldre, næringsliv, lag- og organisasjonar er ressursane..

### Mulegheter

Samfunnet Øystre Slidre sine mulegheter for å verte «*ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder*» ligg truleg i temaområde natur, kultur, historie, folketal og næringsliv.

Folketalet er berre 3200, men ca 4000 hytter og leilegheter genererer eit totalt folketal i periodar tilsvarande ein middels norsk by (11200- 19200 personar):

Næringsfagleg kompetanse er mellom anna forankra innan

Beitostølen Helseportsenter: Nasjonal/ internasjonal medisinsk og helsefagleg kompetanse  
Bioforsk Øst, Løken: Høg naturfagleg/ vitenskapleg kompetanse  
Landbruk: jord, skogbruk og utmarksnæring  
Reiseliv: tradisjonelt samt potensiale innan opplevings- og aktivitetsbasert reiseliv.  
Bygg, anlegg og industri  
Offentleg administrasjon/ drift.

Øystre Slidre har geografi og klima som inneber at hytteeigarar/ brukarar i stor grad vert rekruttert frå gruppa med universitet og høgskuleutdanning; høg fag- og yrkesfagleg kompetanse. Denne gruppa søker gjerne også opplevingar og aktivitetar knytte til natur, kultur og historie (kjelde: Prognosesenteret B. E Øye, hytteseinar VNH Fagernes 26/8.-14). Mange i gruppa har yrkes- og næringskompetanse med brei erfaring frå administrasjon og leiing, herunder markedsføring og kommunikasjon.

### Utfordring:

- Korleis skape interesse?
- Korleis formidle og skape dialog?
- Korleis skal kommunen påverke og motivere?
- Er det interesse i næringslivet, blant hytteeigarane, og korleis skal kommunen starte ein prosess for å kartleggje/ skape interesse.
- Korleis skal kommunen organisere sitt arbeid internt?
- Kan/ bør noko av arbeidet organiserast og gjennomførast regionalt?
- Kva må til av verkemiddel og handling slik at resultatet vert eit **meir\_robust, kunnskapsbasert og framtidretta næringsliv?**

Alternative strategiar:

- 0- alternativet: ingen grip fatt= status quo.
- Kommunen tek initiativ: Utarbeide eit idékonsept med prosjektskisse.

Konseptet bør ha eit tydeleg utgangspunkt og mål med basis i ei interessekartlegging å utvikle eit fellesskap knytta til kunnskap og kunnskapsformidling, og oppleving.

Tittel på prosjektet kan t.d. vere:

- Øystre Slidre – Fjellbygd-universitet, eller
- Øystre Slidre – Bygda med kunnskap, entreprenørskap og innovasjon

**Tiltak:** Utarbeide eit idékonsept for «Øystre Slidre- Kunnskapsbygda».

### *”Det krev ei heil bygd for å oppdra eit barn”*

Kva er det beste vi kan gje borna våre som skal veksa opp i ei framtid vi vaksne ikkje kjenner eller har erfaring frå?

Barn og unge sine oppvekstkår er samansette og knytte til heim, barnehage, skule og fritid. Ein fellesfaktor er eit trygt og helsefremmande nærmiljø med gode kulturopplevingar, trygg skuleveg, samt mulegheit for fysisk aktivitet og trening.



**Oppvekstmiljø:**

- Trivsel
- Tryggleik
- Fellesskap

**Gjev:**

- Meistring
- Læring

### Livskvalitet for alle

Dette femnar alle innbyggjarane. Møte med barn og unge krev målretta arbeid for at alle skal få ein så innhaldsrik kvardag som mogeleg. Alle kan bidra. Frivillige lag og organisasjonar har ei viktig rolle.

Det er viktig at alle barn og unge i Øystre Slidre får høve til å delta i aktivitetar der dei kan få bruke seg sjølve og evnene sine, ofte i samhandling med andre. Barn er og har alltid vore ”barn av si tid”. Difor er oppvekstarenaen i konstant endring. Barn og unge vil kontinuerleg gje bygda nye utfordringar. Lokalsamfunnet må møte denne endringa med evne til tilpassing og fornying.

Borna sine vaksne rollemodellar må vere tydelege på formidling av grunnleggjande verdiar. Utvikling av ein inkluderande læringsarena er sentralt. Vi vil skape eit oppvekstmiljø for alle barn, utan omsyn til bustad, kjønn, sosial bakgrunn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Vi vil gje alle barna oppgåver og utfordringar som dei kan vekse på, og som dei maktar og meistrar.

Det er ei utfordring å ivareta fellesskapsdimensjonen samstundes som det enkelte barnet er i fokus. For å få dette til må vi gje større handlingsrom, fleire høve til val, og rom for større fleksibilitet. Vi må heile tida utvikle ein kommune med system som støttar opp om barn og unge sitt utviklingspotensiale og tru på framtida.

Eit aktivt organisasjonsarbeid kjem barn og unge til nytte. Det kan vere i skule og barnehage, i tillegg til aktivitetar i regi av frivillige lag og organisasjonar; innan idrett, friluftsliv, kultur, musikk, kunst og teater. Ungdomsklubben fangar opp mange av dei som ikkje høyrer til i andre organiserte opplegg.

Likevel fell nokon utanfor, kor viktige utfordringar er knytt til psykisk helse. Det er gjort lite undersøkingar om kva ungdommane sjølve trur verkar mest førebyggjande.

### Barn og læring

“La kvar heim,  
kvart gatehjørne,  
kvar møteplass,  
vera ein plass  
for læring.” (Nelson Mandela)

Vi vil noko saman. Da er det ikkje godt nok å gjere sitt beste, men å spele kvarandre gode.

Forståinga for kvifor ein går på skule og må læra fag kan vere eit problem for barn og unge. Den digitale teknologien har endra det meste, også i fritida til barn og unge. Skuledagen må gje same høve til å vere med på den digitale reisa innanfor skulen sine rammer og med skulen sitt innhald. Vi snakkar om eit paradigmeskifte, ikkje berre ei endring. Det er ei utfordring at skulen speglar det samfunnet vi vaksne kjenner og ikkje den verda barna lever i. Born og ungdom må lære grunnleggjande basis kunnskap og ferdigheter, herunder metodar for læring.

Barn og unge har rett til medverknad og innflytelse, ref. FN sin barnekonvensjon. Plan- og bygningslova slår fast at ”Kommunestyret skal sørge for å etablere en særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser i planleggingen”. Øystre Slidre har slik ordning.



**Tryggleik:** Å kjenne seg trygg handlar om å høyre til ein stad.

**Meistring:** Med tru på egne evner kan barn og unge lære og vise at dei meistrar.

**Utfordring:** Utvikle bygda til å bli ein enda betre stad å vekse opp.

**Styrke:** Barnehagane, grunnskulane og vidaregåande skule har bygt opp eit regionalt nettverk som legg til rette for vidareutdanning og kunnskapsbasert utvikling, sjå kap. 6.13.

### Mål:

Barnehagar, skular og kulturskular er viktige arenaer for å gje auka verdiskaping og livskraft. Forankre valdresidentitet og verdigrunnlag hos den oppveksande generasjon og utvikle grunderinstinkt hos barn og unge.

I underlagsmateriale for kommunen sin strategiplan er det oppført »kommunedelplan for barnehage og skule» under Sektorplanar Opplæring og kultur.

### BARNEHAGE:

Det er tre kommunale og ein privat barnehage i Øystre Slidre. Utgreiing om krinsstruktur i 2010 vurderte behovet framover til 240 barnehageplassar. Utdrag av kommunestyret sitt strukturvedtak i sak KS-054/10 lyder, sitat (*utdrag er i kursiv*):

1. *Barnehagestrukturen på lang sikt består av 3 kommunale barnehagar (merk: Rogne, Tingvang og Beito) samt private barnehagar. Kommunen ynskjer at drifta av Heggebø barnehage held fram som privat barnehage, gjerne med utviding av tal på plassar.*
3. *Prioriteringar av investeringar i langsiktig barnehagestruktur, tidspunkt for bygging og økonomisk ramme, må avgjerast i dei komande økonomiprosessane.*
4. *Kommunen vil vere positiv til fleire private barnehagar i tillegg til Heggebø.*

### Utgreiing:

Øystre Slidre har hatt full barnehagedekning i meir enn 10 år. Etter søknad får alle barn plass den månaden dei fyller eitt år. Det er i samsvar med mål for barnehagestrukturen.

Prognosar for folketalsutvikling i aldersgruppa, jamfør kap. 3.2. viser stabilt barnetal. Det tilseier at kommunen kan rette fokus på kvalitet og mindre på kvantitet.

Ny Rogne barnehage inngår i vedteken økonomi og handlingsplan.

Brukarundersøkingar dei ti siste åra viser at foreldra er svært nøgde med innhaldet i barnehagetilbodet. Dei tilsette er også svært nøgde med arbeidsmiljøet og kommunen som arbeidsgjevar. Dei tilsette har høg kompetanse. Det er berre tidvis behov for dispensasjon frå utdanningskrav i vikariat. Det blir arbeid systematisk og grundig med det pedagogiske innhaldet i barnehagen.

### Tiltak:

- ✓ Utarbeide kommunedelplan for barnehage (og skule).
- ✓ Arbeide systematisk med barns trivsel og læring i nært samarbeid med foreldra.
- ✓ Samarbeide regionalt for å auke kompetansen til dei tilsette.

### SKULE:

Kommunen har to nye barneskular. Ungdomsskulen treng renovering. Vi ligg høgt på landsstatistikken for kostnad pr. elev. Det er investert i mykje nytt teknisk utstyr. Begge barneskolane har skulefritidsordning tilpassa behov, gitt nok etterspurnad.

Dei fleste elevane har god fagleg og sosial utvikling. Eksamensresultat, nasjonale prøver osv. peikar oppover. Det trengs statistikk over tid for å finne sikker trend i utviklinga.

Kommunen brukar store ressursar til spesialundervisning og ekstra støttetiltak. Skulen slit med stort fråfall i vidaregåande skule etter Vgl. Elevane sin motivasjon og eit nært samarbeid med heimen er

avgjerande for at dei skal lukkast i vidaregåande skule. Kommunen vil samarbeide med fylket for å finne årsakene til fråfall etter Vg1.

Elevane nyttar digitale verkty, ressursar for å tileigne seg kunnskap og uttrykke eigen kompetanse. Bruken av digitale verkty i læringsarbeidet er høgare enn landsgjennomsnittet.

Helsa til barn og unge er gjennomsnittleg god. Psykisk helse, inaktivitet og vekt- problem er kjente faktorar. Tiltak som dagleg fysisk aktivitet (Fysak) og andre lågterskeltilbod er lagt inn i skuletida.

### Utfordringar:

Vi må arbeide for aktuelle høgskulestudium lagt til Opus Valdres for å dekke krav om grunnutdanning for å arbeide i ulike skuleslag og innan fagleg fordjuping.

### Mulegheter:

Ha eit sektorovergripande perspektiv i all planlegging som påverkar barn og unge sin oppvekst, med vekt på førebyggjande verksemd og tidleg innsats for å løyse problem på lågast mogleg nivå. Felles regional PP- teneste er etablert og lagt til rette for bruk av kommunen eller i samarbeid med andre kommunar.

Sjå skule, leksehjelp og SFO i samanheng, slik at det blir større fagstillingar som gjer det attraktivt å arbeide med desse oppgåvene.

### Mål/ Tiltak

- ✓ Utarbeide kommunedelplan for (barnehage og) skule.
- ✓ Elevane skal vere godt rusta til å gjennomføre vidaregåande skule. Gjennomføring Vg1 skal over tid vere betre enn snitt for Oppland.
- ✓ Redusere behovet for spesialundervisning til lågare enn nasjonalt nivå. Sterkare satsing på å utvikle gode læringsmiljø gjennom skulebasert utviklingsarbeid.
- ✓ Vere betre på nasjonale prøver enn nasjonalt nivå.
- ✓ Implementere prinsipp for god undervisning som er utvikla gjennom prosjekta "Vurdering for læring" og "Leiing av læring" i verksemdplanane. Implementere skulebasert utviklingsarbeid som arbeidsform for skulane.
- ✓ Arbeide systematisk med barns trivsel og læring i nært samarbeid med foreldra.
- ✓ Styrke SFO med høgare fagkompetanse.
- ✓ Sikre lærarane høg fagleg kompetanse ved bruk av etter- og vidareutdanning.
- ✓ Øystre Slidre skal kunne tilby lærlingplassar over alle fagfelt som er aktuelle for kommunen.
- ✓ Sommarjobb til ungdomar primært 15-18 år.

### KULTUR:

Øystre Slidre har svært aktive lag og organisasjonar, mange eldsjeler og dyktige utøvarar innan kultur og idrett. Dugnadsanda er stor og ein avgjerande faktor når det blir arrangert store festivalar og idrettsarrangement, som Beitosprinten, IBU-cup, Det Norske Fjellmaraton, Ridderrennet og Trollrock. Kulturskulen gir eit breitt og variert tilbod til barn og unge. Ungdomshuset er ein viktig møteplass for ungdom mellom 13 og 19 år og bandlokalet på Helsehuset er øvingslokale for dei mange ungdomsbanda i kommunen. Gjennom Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken, får barn, ungdom og eldre oppleve profesjonell kunst og kultur i sitt nærmiljø.

### Kulturskule

Kulturskulen har om lag 175 elevar fordelt på enkelttimar og gruppeundervisning. Kulturskulen har høg aktivitet og mange eigne konsertar gjennom året. I tillegg blir elevane ofte spurt om å opptre på ulike arrangement, både i og utanfor kommunen. Fleire elevar deltek i talentprogram; på Barratt Due, Gjøvik Musikkskole og i Valdresakademiet.

### Mål:

Alle barn og unge som ønskjer det skal ha eit kulturskuletilbod i løpet av grunnskuletida.

## Kulturmiljø

Det ligg føre eit omfattande materiale om natur, miljø og kultur. Dette materialet må prosesserast og leggjast til rette for kommersiell utnytting knytt til aktivitetsbasert oppleving og reiseliv, t.d. gjennom geocaching (orientering med GPS). Det vert vist til andre kapittel og tiltak i planen, m.a. prosjekt 3 i strategiplanen "Kunnskapsbasert og framtidretta sentrumsutvikling", jamfør føreslått tiltak i kapittel 6.10.1.2. Det vert generelt vist til kap. 6.10.2. om tema kultur.

## Frivillege lag- og organisasjonar

Det vert vist til "Planstrategien – satsingsområde" nr 7 og "Idrett og fysisk aktivitet" ovanfor.

*"Kommunen skal støtte opp om arrangement slik at det stimulerer drifta i frivillege lag og organisasjonar, og som eit verkty i næringsutviklinga."* Samfunnsplanen skal konkretisere mål og handlingar for nytenking og vidareutvikling:

Alle er avhengige av ein annan. Stikkord er samhold og samarbeid. Felles mål. Spele kvar andre gode. Skape felles verdiar. Fordele gevinst.

Mange lag- og organisasjonar eig og driftar egne anlegg og bygningar. Tid og ressursar vert nytta på tiltak for å dekke inn økonomiske behov som åleine ikkje går til primærføremålet: aktiviteten i laget. Tiltak som kan avhjelpe desse laga.

### Tiltak:

- ✓ Revidere "Strategiplan for store idrettsarrangement på Beitostølen" og endre planen til "Strategiplan for store idretts- og kulturarrangement". Planen skal avklare rammevilkår for lag- og organisasjonar.

## Idrett og fysisk aktivitet (K-Sak 012/14: kap er flytta til kap 6.5)

### Ungdomsmedverknad.

Ungdom er ein viktig ressurs for kommunen. Å skape gode, trygge møteplassar for ungdom er viktig. Ungdomshuset på Furustrand har eit fram møte på om lag 70 ungdommar kvar fredag. I tillegg har dei mekkeklubb to kveldar per veke og gjennomfører arrangement som paintball, sumobryting, biljardturneringar og big jump-konkurranse. Ungdomsarbeidaren har organisert ein frivillig stab med ungdommar, som hjelper til med drift av klubben.

Kommunen har også eit aktivt ungdomsråd, som uttalar seg i kommunale saker og som diskuterer ting dei er opptekne av. I fleire år har dei arrangert rockekonsert for ungdom.

Ungdomsrådet har gjennomført ein framtidswerkstad. Dette var vellukka og bør vidareførast.

### Tiltak:

- ✓ Framtidswerkstaden for og med ungdom vidareførast. Kulturavdelinga vert tillagt oppgåva som koordinator i samråd med ungdomsrådet, næringsavdelinga og planavdelinga.
- ✓ Sikre ungdommen medråderett i saker som gjeld dei.
- ✓ Sikre ungdommen gode og høvelege ungdomsklubb-lokale.

## 6.9 FRILUFTSLIV

Tilrettelegging for aktivt friluftsliv fremjar folkehelse. Denne samfunnsplanen dekkjer ikkje friluftsliv i full breidde. Det kan visast til fleire kapittel i planen, mellom anna kap 6.2.2 Vassdragsvern.

Kommunen sin "Stig og løypeplan" og tema "motorferdsle i snødekt utmark og islagde vatn" vert omtala særskilt. Begge tema er plassert i dette kapitlet, men dei har også verknad for andre tema i planen.

Stig- og løypeplanen dekkjer meir enn tittelen tilseier:

Visjon: **Friluftsliv for alle - for samfunn og næring**

Hovudmål:

- *Friluftsliv skal vera viktig grunnlag for helse trivsel og identitet.*

- *Friluftsliv skal vera viktig opplevingsprodukt for reiselivet*
- *Friluftsliv skal vera med å legge grunnlag for utvikling av tilleggsnæring i landbruket.*
- *Natur- og kulturmiljø, landbruk og andre brukarinteresser skal ivaretakast gjennom heilskapstenking og bærekraftig tilrettelegging.*

Fokus på friluftsliv inneber at det må arbeidast tverrsektorielt og i relasjon til nasjonale føringar.

### 6.9.1 Stig- og løypeplan

Stig og løypeplan (2012-2015) har som eitt av fire hovudmål:

*Natur- og kulturmiljø, landbruk og andre brukarinteresser skal ivaretakast gjennom heilskapstenking og berekraftig tilrettelegging.*

Tiltak i handlingsdel for å nå målsetting:

- Kanalisering av motorferdsel knytt til leigekjøring og løypepreparering
- Definerings av *sårbar område* for motorferdsel nord for Vinstern og aust for FV51 over Valdresflya.
- Kanalisering av ferdsel på barmark utanom sårbare naturområde og viktige funksjonsområde for stølsdrift og beitebruk.
- Temainfo om natur- og kulturmiljø samt ferdsel i støls- og beitebruksområde.
- Dimensjonering, utforming og terrengtilpassing for fysiske tilretteleggingstiltak. Samordning av skilting og info.

I tillegg til plandokument er det utarbeida følgjande plankart: Hovudruter for fottur og sykkel, skiløyper, friluftsområde og motorferdsel – verneområde – sårbare område.

**Utfordring/ moglegheit:** Stiar- og løyper er eitt av viktigaste tiltaka for folkehelse og for aktivitetsbasert reiseliv, og eitt av dei tiltaka som oftast vert omtala med positivt forteikn både av innbyggjar, gjest og næringsdrivande.

Kommunen har spela ei aktiv rolle i planlegging, tilrettelegging/ gjennomføring og stilt økonomiske ressursar til disposisjon for ei god drift av det overordna stig- og løypenettet. Årleg betalar kommunen store beløp til leige av areal.

Kommunen sitt tilskot er frivilleg (ikkje lovpålagt). Ordninga og kommunen si rolle i organisering og ansvar for avtalar synest vere ein udelt suksessfaktor, og kommunen vert nytta som referansekommune av andre.

Utfordringar:

Det er enno uvisst korleis kommunal og regional *økonomi* vil utvikle seg framover, og utover perioden for noverande stig- og løypeplan. Signala etter stortingsvalet og ny regjering i 2013 tilseier innstramingar. Det kan innebere at ”ikkje lovpålagde oppgåver” må veljast bort eller kompensert med andre inntekter. Innføring av eigedomsskatt for bustader og hytter kan vere slikt mogleg grep.

Motorferdsle- snøscooter, jamfør avsnitt 7.6.

Endringar i lov/ nasjonal forskrift og lokale retningslinjer for motorferdsle på snødekt utmark og islagde vatn krev tiltak for å unngå negativ verknad for bruken av stiar- og løyper.

#### **Tiltak:**

- ✓ Gjennomføre tiltak i stig- og løypeplan.
- ✓ Friluftsliv: Sikre viktige og sårbare område og korridorar.
- ✓ Friluftsliv: Eige tema i kommunal planmal.

#### 6.9.1.1 Motorferdsle – Snøscooter

Formannskapet gjorde slikt vedtak i sak 051/13:

*Formannskapet vedtek å ikkje sende inn søknad om å delta i prøveordninga med*

*snøscooterløyper i Øystre Slidre kommune for prøveperioden 2014 - 2018. Formannskapet finn det derimot rett at spørsmålet om slike løyper vert vurdert i samfunnsdelen til kommuneplana, for seinare eventuelt bli fylgt opp ved revisjon av Arealdelen til kommuneplana. (vedtaket er samrøystes).*

### **Status** om motorferdsle i utmark og vassdrag:

Motorferdsel i utmark er regulert av motorferdsellova, nasjonal forskrift samt kommunal forskrift 05.06.2003. I følge kommunal forskrift skal transportbehovet primært dekkast gjennom leigekjøring. Hovudtraséar for leigekjøring (transportløyper) blir fastsett i løypeplan. Det er vel 20 løyve for leigekjøring fordelt på 4 roder. Kommunal forskrift har reglar som regulerer heimla kjøring. Skiløyper skal preparerast i samsvar med til kvar tid gjeldande løypeplan. Kommunen har reglar for bruk av motorbåt og luftfarty. Området aust for FV 51 og nord for Vinstern er i stig- og løypeplan vedtatt som sårbart (stille) område. Antal dispensasjonar pr år i utmark er vel 30, av dette vel 20 for leigekjøring.

Kommunen støtta etablering av Valdres Crossenter på Magistad åsen mellom Øystre og Vestre Slidre i 2008. Det er bygd som eit tilbod til snøscooterinteresserte i Øvre Valdres.

Øystre Slidre har lang tradisjon for at funksjonshemma får nytta seg av naturen utan å bruke motoriserte køyrety.

Den statlege prøveordninga er omstridd.

### **Utfordringar:**

Øystre Slidre har ingen område som peikar seg naturleg ut som direkte eigna eller med storleik og arrondering slik at løyper kan etablerast utan at dei kjem i konflikt med skjermastille område, viltinteresser, kulturmiljø eller skiløyper. Det er føresett at slike snøscooterløyper skal avklarast i plansamanheng. Gjeldande lov og forskrift føreset at grunneigar må ha gitt løyve for ferdsle, samtidig som mulegheit for næringsutøving er sikra.

Nye snøscooterløyper må vurderast opp mot visjonen: "Øystre Slidre – rein naturglede!".

Saksutgreiinga til formannskapet peika på at den utvida ordninga ikkje ville vere like eksklusiv i næringsssamanheng som viss den omfatta eit fåtal kommunar. Ei ordning der alle kommunane tillet sams produkt, gjere at produktet i næringslivssamanheng ikkje oppnår same eksklusivitet, og brukarane som etterspør tilbodet har mange alternative stader. Øystre Slidre kommune har dermed som samfunn eit godt utgangspunkt for å velje å vere eksklusiv i sitt tilbod til innbuar, næringsdrivande og gjest. Det er alminneleg praktisert regel at dokumentert behov for ferdsle med snøscooter vert tillate når det har samfunnsmessig interesse for friluftsliv (løyper) og for næringsliv (transportbehov og særskilte arrangement etc.).

Samband over kommunegrensene er argument for å endre gjeldande ordning.

Utfordringa er å velje mellom strategiane:

- ❖ Sats på "rein naturglede!" og vere eksklusiv
- ❖ Satse på å vere mest mogleg lik alle andre.

Prosjektgruppa for arbeid med samfunnsplanen har vurdert relevante kriteria for eventuelle snøscooterløyper.

Prosjektgruppa føreslår slik overordna mål og strategi:

- Øystre Slidre prioriterer "Rein naturglede!" og legg til grunn ei streng haldning med omsyn til utviding av gjeldande ordning for snøscooter i utmark og på islagte vatn.

**Tiltak:** Vere positiv til samarbeid med nabokommunane med sikte på å få til ei felles scooterløype..

## 6.10 NÆRINGSUTVIKLING

Frå Planstrategien: Hovedmål nr 2

- Øystre Slidre kommune skal vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbyggjar.

Frå Planstrategien: Satsingsområde nr 1

### Nærings og samfunnsutvikling.

Øystre Slidre kommune skal vidareutvikle sin gode kultur for nærings- og samfunnsutviklingsarbeid. Kommunen skal bidra til eit robust, kunnskapsbasert og framtidretta næringsliv som gjer det attraktivt å flytte til Øystre Slidre.

Kommunen skal vere pådrivar og motivator for innovasjon og nyskaping gjennom god og fortløpande dialog med næringslivet, innbyggjarar og hytteeigarar. Kommunen skal arbeide for ein kultur som oppdagar mulighetene og vågar å gripe dei. For å kunne vere blant dei mest attraktive kommunane i Oppland for nyetablering og bevaring av eksisterande næringsliv skal dette vektleggast stort i det daglege arbeidet og i samfunnsplanlegginga

Øystre Slidre har hatt kraftig vekst i antal registrerte føretak i Brønnøysundregistra- enhetsregistret. Størst var veksten i 2013 (65 nye føretak). Parameteren åleine er ikkje nok for å beskrive næringslivet. Øystre Slidre har mange felles trekk med kommunane i Valdres, Fjellregionen og Innlandet.

Øystre Slidre bør fylgje resultatane frå arbeid i Distriktsenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling og prosjektet ”lokalsamfunnsutvikling i kommunane” (LUK).

#### Tiltak:

- ✓ Utarbeide ein strategi for Øystre Slidre kommunes tilrettelegging for næringsutvikling.

### 6.10.1 Landbruk

Landbruket i Øystre Slidre – kort status

#### Utvikling i landbruket i Øystre Slidre- 2005-2012 tal dyr og føretak- tilskotsutbetalingar

Tal på:	2005	2008	2012	% `12 av `05
Mjølkeføretak	89	72	67	75
Mjølkekyr	1129	1002	1014	90
Ammekyr	67	68	191	285
Øvrig storfe	1820	1516	1832	101
Geitemjølkeføretak	11	10	8	73
Mjølkegeiter	759	769	763	101
Sauføretak	46	41	38	78
Tal sauer 1 år og eldre	2783	2670	2700	97
Fulldyrka jord da	22062	22597	20639	94
Mjølke -og ammekyr utmarksbeite	760	756	774	115
Produksjonstilskot mill kr	22.905`	29.345`	40.874	178

Det er ein generelt svak økonomi i næringa. Sjølv om kommunen dei siste åra tatt den største parten av den regionale tilskotsspotten er investeringane i næringa mindre enn kapitalslitet.

90-95 % av brukarar har lønnsinntekt/ næringsinntekt utanom bruket som ikkje er relatert til gardsdrifta. Dei fleste brukarar mottek meir støtte enn dei har i overskot, og dette tilhøvet ser ut til å auke framover

Framleis er 80 % av mjølkeproduksjonsbrukarar på stølen, men rekruttering til mjølkeproduksjon synest noko svak. Talet på mjølkeproduksjonsbrukarar synk årleg. Ei

halvering dei neste 10 åra er sannsynleg. Likevel er nedgang i produsert mengde og driftseiningar mindre enn i dei fleste av kommunane i Valdres.

Skogbruket er prega av lave prisar, og er truga av omsetningssvikt/ lave prisar på massevirke knytt til lange transportavstandar til industribedriftene.

Det er ein auke i talet på ammekyr, der trenden er større/store besetningar. Sauetalet er stabilt eller litt synkande, men næringa er sterkt prega av rovvilt- utfordringane. Mykje av jordbruksareala i fjellet er prega av lite og ekstensiv bruk. Areal som for få år sidan vart slegne blir beitt. Ein del areal blir ikkje hausta. Nokre bedrifter har starta med foredlingsverksemd av mat, og ser ut til å lukkast godt. Leigejord førekjem i stort omfang på dei fleste bruk.

### Rammevilkår framover

Landbruks-og matmeldinga har eit mål om 20 % auke i landets matproduksjon om sjølvforsyninga skal oppretthaldast. Eit viktig spørsmål for Øystre Slidre blir om dette vil skje på importert eller eige produsert fôr?

Kylling og gris aukar mest i marknaden. Desse produksjonane er fråverande i Øystre Slidre. Mjølkeunderskot er i ferd med å oppstå- men kan truleg løysast ved andre rammevilkår på Austlandet, Rogaland og i Nord-Trøndelag.

Økologisk satsing er eit politisk mål, men det er vanskeleg å få stor oppslutning, både i produksjon og hos forbrukarane. Demografiske endringar aukar etterspørsel av råvarer som i dag i liten grad blir produsert i kommunen.

Matprisane i Noreg er høgare enn i nabolanda. Det gjev i dag ein betydeleg handelslekkasje. Særnorske høge lønningar saman med strukturelle, klimatiske og topografiske utfordringar gir eit høgt kostnadsnivå i næringa samanlikna med andre land. Lønsemda i landbruket er låg samanlikna med andre grupper.

Økt kjøpekraft har gitt aukande etterspørsel etter nisjeprodukt av alle typar, og er den av matvaremarknaden som aukar mest.

Vi ser konturar av store endringar som vil gje større skilje mellom landbruks- og distriktpolitikk. Truleg vil det og gå i ein retning der tilskota blir mindre knytt til areal og overført til produsert mengde.

Vidare ser ein ei utvikling med liberalisering av jordbrukslovane, for m.a. å legge til rette for større driftseiningar.

Øystre Slidre må vere førebudd på at endringane kan få betydeleg konsekvensar for m.a.

- Busetjing og bruksstruktur
- Stølsdrift og stølsmiljø
- Attgroing

Skisserte endringar må ikkje berre oppfatast som trugsmaal. I alle endringar ligg det og store moglegheiter om ein er godt førebudd.

**Tiltak:** Det er stort behov for å forlengje og revidere landbruksplanen. (Landbruksplanen 2009 – 2012). Viktige utfordringar vil vere å legge til rette for at næringa kan møte dei skisserte utfordringane, samt utnytte dei nye moglegheitene som kjem samen med forvaltningsmessige, strukturelle og marknadsmessige endringar.

#### 6.10.1.1 Stølsprosjektet

I Øystre Slidre er framleis stølsområda viktig grunnlag for den tradisjonelle landbruksdrifta, og natur- og kulturmiljøet i stølsfjellet utgjer ein viktig del av natur- og kulturarven. Det har vore eit uttalt mål i kommunen å støtte opp om driftsforma, samt ha eit kunnskapsgrunnlag for den kommunale forvaltninga av desse områda. Dokumentasjon om beite- og beitebruk samt stølsprosjektets utarbeidde kulturmiljøindeks, er i dag eit viktig grunnlag for kommunale vedtak. Kunnskapsinnsamlinga som vart gjort i prosjektet er ei viktig kunnskapsbase som gjennom vidareforedling kan gje spanande opplevingsprodukt.

Som eit biprodukt av prosjektet kom ideen (2003) om eit nasjonalt stølssenter, som eit opplevings- og kunnskapssenter knytt til alle sider av denne driftsforma. Denne ideen er konkretisert gjennom eit forprosjekt i 2010. Mindre regional interesse i regionen for å halde fram aspekta i stølsdrifta som eit særpreg og eit konkurransefortrinn for Valdres betyr at det er verre å realisera ideen. Det er avsett areal i kommunedelplanen for Beitostølen til eit framtidig senter.

**Tiltak:** Utgår, areal avsatt vurderes brukt til annet formål.

### 6.10.1.2 Kjerneområde i landbruket

Prosjektet (2011-2013) tok utgangspunkt i vegleiar for kjerneområde landbruk utarbeida av Landbruks- og matdepartementet (2005). Målet var å få ei kunnskapsbase for utarbeiding av mål og retningslinjer for forvaltning av kjerneområda.

Det er gjennomført omfattande dokumentasjon og kartfesting av viktige produksjonsareal og kulturmiljø i bygda og heimstølsområda, og metodikken er noko lik stølprosjektets. Kommunestyret handsama saka som sak KS\_ 54/13, men ønska ingen spesiell prioritering av areal eller gardsbruk.

På same måte som i stølprosjektet er det samanstilt og laga ei svært stor kunnskapsbase. I vedtaket seier kommunestyret at kunnskapsbasen i begge prosjekta bør samanstillast og gjerast tilgjengeleg for alle.

**Tiltak:** Etablere eit prosjekt for å systematisere og popularisere kunnskap frå stølprosjektet og kjerneområde landbruk og andre kjelder som opplevingstilfanget og kunnskapstilfanget i verneområda, med tanke på å legge eit grunnlag for lønsame opplevingsprodukt.

### 6.10.1.3 Fjellpolitikk

Prosjektgruppa si omtale av «fjellpolitikk» er teke ut i samsvar med vedtaket sak KS-12/14. Resten av vedtaket lyder: *Vurdering av eventuelle hensynssoner blir gjort i arealplanen i h.h.t. plan- og bygningsloven.*

## 6.10.2 Handel og aktivitetsbasert reiseliv

Beitostølen som reiselivsdestinasjon er godt etablert og forankra i regionale nettverk, strategi- og handlingsplanar.

Reiselivsorganisasjonen Virke er på generelt grunnlag oppteken av reiseliv basert på aktivitetar og opplevingar. Innspelmøtet ”*arbeidsseminar næring*”, sjå kap. 5.2, konkluderte på samarbeid, kunnskap, produktutvikling og marknadsføring som viktige og potensielle område for forbetring. Det ligg ikkje føre nokon eigen oppdatert handels- og reiselivsanalyse for Øystre Slidre, men det er openbert grunnlag for vekst i kommunens private tenesteproduksjon og varehandel, spesielt knytt til hyttemarknaden.

Låg sats (6,4%) for arbeidsgjevaravgift gir ein konkurranseføremon for alle næringar i høve mange konkurrerande område (14,1%).

**Tiltak:**

- ✓ Det vert vist til framlegg til tiltak i andre delar av planen som kan styrkje handel og aktivitetsbasert reiseliv.
- ✓ Utvide næringsområdet på Raubrøtmoen, eventuelt etablere nytt næringsområde.
- ✓ Utarbeide og gjennomføre ein heilhetleg skiltstrategi.

## 6.10.3 Regional sentrumsutbygging- Beitostølen som sentrum

Frå Planstrategien: Hovedmål nr 4

Beitostølen som sentrum skal stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass

Planstrategien- satsingsområde nr 5, 2. ledd:

Regional sentrumsutbygging:

Beitostølen skal byggast ut vidare, og vere ein av tre framtidige sentrum i regionen, saman med Bagn og regionsenteret Fagernes/Leira.



Fylkesdelplan for lokalisering av varehandel i Oppland(2004) definerte Beitostølen som ”lokalt handelssenter og bydelssenter” (kategori 3), jfr. kap 6.6 ovanfor.

Det ligg føre kommunale budsjettmidlar og tilsegn om regionale prosjektmidlar til ”utvikling av Beitostølen som tettstad” . Kommunestyrevedtak sak 068/12 handsama saka ”Beitostølen som nasjonalparklandsby- ein del av kommunens planstrategi.” Det går fram av vedtaket at delar av midlane skal innrettast slik at det styrkjer Beitostølen sine moglegheiter til å oppnå status som nasjonalparklandsby.

Beitostølen er ein nærliggande og sentral nasjonalparklandsby og innfallspurt til nasjonalparkane Jotunheimen og Langsua, samt mange naturreservat og landskapsvernområde.

Utfordringar/ mulegheiter:

Prosjekt er sett i gang. Ut frå målsettingane for nasjonalparklandsby og kriteria som er lagt til grunn for dagens nasjonalparklandsbyar synest Beitostølen vere godt eigna. Valdresflye som nasjonal turistveg bør og nemnast som ein del av den samla miljøprofilen for staden og området. I stølssenterprosjektet omtala i kap. 6.10.1.2. inngår eit nasjonalparksenter som ein naturleg og sentral del. Område for senteret er avsett i vedteken arealdel av kommuneplanen.

Bygging av eit eige kulturhus som kan romme ulike aktivitetar vil styrke Beitostølen sine sentrumsfunksjon og gje høgare hytte- og bustads- attraktivitet.

### **Tiltak:**

- ✓ Profilere Øystre Slidre kommune og søkje godkjenning som nasjonalparkkommune i samarbeid med annan kommune.
- ✓ Profilere Beitostølen og søkje godkjenning som nasjonalparklandsby.
- ✓ Gjennomføre sentrumsutviklingsprosjektet for Beitostølen.
- ✓ Utvikle Beitostølen som den naturlege inngangsporten til Jotunheimen.
- ✓ Vidareføre sanserute med Valdres Destinasjon (VD)/ Valdres natur og kulturpark (VNK) til mere lokal tilknytning.

### **6.10.4 Fritidsbustader- grunnlag for næring og næringsutvikling**

#### **Samfunnsdelen, vedtekne tema**

Hyttebygging er viktig næring i kommunen og må konkretiserast som del av satsingsområdet i ”Nærings- og samfunnsutvikling”.

Verdiskapinga knytt til fritidsbustader vedkjem svært mange yrkesgrupper og fagfelt. Kommunen sin strategi på området har i stor grad vore å fylle rolla som ein føreseieleg tilretteleggar gjennom arealplanar og sørgje for tilgjengelege tomteressursar. (Kommunedelplan for Beitostølsområdet og ditto Gravfjellsplanen med ca 700 hytter ). Prosjektet «Hytte i Valdres» (Valdres Næringshage) har statistikk som viser totalt tal hytter i Valdres/ Øystre Slidre pr. 2013 (17516/ 3369), omfanget av hyttebygginga pr. år i perioden 2009-2012 (160- 191/25- (40)-35), samt endring (nedgang) i hotellovernatting i perioden 2007- 2012. Hyttene i Øystre Slidre er rekna å utgjere 522’ gjestedøgn med kalkulert omsetning 75 mill. kroner.

Det skal merkast at fritidshusvere og stølsbuer nytta som feriehusvere ikkje inngår i statistikken.

Tomteressursen ein har no, er så vidt stor at ein ikkje ser det naudsynt å ha spesiell fokus på denne type tilretteleggingstiltak i planperioden.

Marknaden knytt til bygging og bruk av fritidsbygg er mangfaldig og utgjer samla ei stor verdiskaping i kommunen, Det er eit mål å legge til rette for at næringslivet skal auke sin verdiskaping basert på hyttemarknaden i ulike former. Konkurransen om nye hyttekundar er stor. Kommunens omdømmesatsing og god infrastruktur med omsyn til opplevingstilbod er viktige strategiar, både for at kommunen blir valt av hyttebyggjarane og at bruken av hyttene er høg og aukar.

Valdres Næringshage arbeider med prosjektet ”Verdiskapingsprogram for hytter i Valdres” der ein og ser på dette i eit vidare perspektiv.

Ein vektlegg her og andre faktorar enn sjølve marknaden og den verdikjeda som er knytt til næringa. Hytteeigaren som ressurs og hytteeigaren som innbyggjar er m.a. viktige tema.

Framlegg til hovudmål for marknaden knytt til fritidsbustader i planperioden:

- Leggje til rette for rekreasjon og gode natur- og kulturopplevingar
- Leggje til rette for auka bruk av eksisterande hytter.
- Omfanget av hyttebygginga skal vere berekraftig.
- Aktivt samarbeid med VNH , spesielt på tema ”hytteeigaren som ressurs og som innbyggjar”

### **Tiltak:**

- ✓ Tett oppfølging og realisering av stig og løypeplanen for utvikling av gode opplevingstilbod sumar som vinter.
- ✓ Universell tilrettelegging for opplevingar i naturen - både som produkt og som ein viktig del av merkevarebygginga.
- ✓ Skaffe seg konkurransefortrinn gjennom å ta mogelegheitene m.o.t. klimaendringane på alvor, ved å utnytte kommunens skimogelegheiter i fjellheimen og ved tilrettelegging for tidlegløyper som krev svært liten snømengde.
- ✓ Realisera planane kring framføring av VA til viktige hytteområde.

## 6.11 INFRASTRUKTUR - KOMMUNALTEKNISKE TENESTER

Frå planstrategidokumentet - Satsingsområde:

### **Kommunaltekniske tenester.**

Øystre Slidre skal gjennom *Arealdelen* til kommuneplana sikre at fastsette miljømål og sentrale føringar til god planlegging vert fylgt.

Kommunen vil arbeide for at flest mogleg skal kunne koplatt til offentleg vass- og avløpsanlegg nede i bygdene ved ei jamn utbygging av desse tenestene. Kommunen vil og arbeide for at dei delane av fjellområda med utbygging skal ha ein infrastruktur som gagnar miljøet og reduserer forureiningsfare.

Kommunen skal vere i forkant med planlegging og opparbeiding av gode bustad- og næringsområde der det er behov for dette.

Kommunaltekniske tenester omfattar veg, vassforsyning, avløp, septikk og avfallsinnsamling og gjenvinning, brannvern og beredskap.

Straum og digital infrastruktur er annan delvis offentleg tenesteyting.

**Utfordring/ moglegheiter:** Ein god og oppdatert overordna VA- plan kan sikre betre grunnlag for vedtak, styrke prioriteringar, avklare kommunen si rolle og vere føreseieleg med omsyn til ordna avlaupsforhold som grunnlag for sikker og helsemessig trygg vassforsyning. Siktemål: Ta i vare vassmiljøet (kap.5.4.3), sikre vasskjelder og forsyningstryggleiken i kommunen sine anlegg og fordelingsnett (kap 6.1.1), samt styrke bu- og besøksattraktiviteten og bruken av fritidsbustadar, samt medverke til å styrke næringsmiddelverksemdene i kommunen.

Tema som bør drøftast: Grensesnitt kommunale anlegg – private anlegg, avgiftssoner, avgiftsnivå, utbyggingsrekkefylgje og kommunal økonomi.

Som del av eit fagleg sterkt grunnlag for kommuneplanen sin arealdel bør kommunen utarbeide ei VA- analyse og ein eigen VA- plan. Føremålet er å sikre vassmiljøet, risiko og samfunnssikkerhet, sikre vasskjelder og forsyningssikkerhet i kommunale anlegg og fordelingsnett, samt avklare kommunen si rolle for å styrkje besøksattraktivitet og bruk av fritidsbustadane i kommunen gjennom tilgang til tilstrekkeleg og helsemessig betryggande drikkevatt.

**Tiltak:**

- ✓ Utarbeide Vassmiljø- og VA- plan, jfr. kap. 6.1 og 6.3

**6.12 VEG OG SAMFERDSLE**

Frå Planstrategien- satsingsområde nr 4:

- ✓ Øystre Slidre skal arbeide for raskast mogleg utbetring av E-16 iht utkastet i NTP og dei innspel som vert gitt på regionalt og fylkeskommunalt nivå til denne.
- ✓ Kommunen skal gjennom regionalt samarbeid arbeide for ei vidareutvikling av Fagernes Lufthavn, Leirin, som rute- og charterflyplass, då kommunen ser dette som særskilt viktig for å støtte opp om reiseliv, varehandel og privat tenesteyting i Valdres.
- ✓ Øystre Slidre skal utvikle eigen trafikksikringsstrategi med prioritet på FV 51, og arbeide for sykkel- og gangveg langs denne vegen gjennom heile kommunen, samt arbeide for ei opprusting av sidevegane.
- ✓ Kommunen vil og langs vegaksa etter FV 51 arbeide for betre og meir heilskapleg skilting til bedrifter, naturområder og attraksjonar som rettar seg mot dei reisande.

Valdres Lufthavn Leirin som regional flyplass, samt E16 som riksveg er hovedpulsårene i samferdsle. Kommunestyret har i sak KS-15/13 slutta seg til alternativ 2b med tunnel Plassane- Hande som beste alternativet på strekningen Fagernes nord- Hande. Uttala at «her kan også trafikken på Fv 51 til Beitostølen nyte godt av ny veg i 5-10 km.

Også fylkesveg 51 er ei viktig nord- sørgående samferdsleåre. Opprusting av vegdekket over Valdresflye og delvis over Golsfjellet er og nyleg gjort. Utbetring av E16 pågår løpande, noko som får stor betydning for trafiktryggleiken, men og for reisetida til/ frå Valdres og Øystre Slidre.

Fylkesveg 51 har stor trafikk både sommar og vinter (Kjelde Statens vegvesen nov 2013)

Sted	Meter	HP	År	Felt	Ty pe	Vinter (des-feb)	Vår (mar - mai)	Sommer (jun - aug)	Høst (sep - nov)
MAURVANGEN	7172	7	2010	R0	alle	40	214	1603	430
MAURVANGEN	7172	7	2011	R0	alle	27	275	1634	456
MAURVANGEN	7172	7	2012	R0	alle	35	286	1571	414
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2010	R0	alle	1392	1759	3094	1946
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2011	R0	alle	1565	1838	3101	1904
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2012	R0	alle	1567	1750	3037	1871

Sted	Meter	HP	År	Felt	Type	ÅDT	SDT	YDT	HDT	JDT
FAGERNES NORD	2114	3	2010	R0	alle	2900	4016	3081	2486	4544
FAGERNES NORD	2114	3	2010	R0	lette	2618	3600	2758	2298	4068
FAGERNES NORD	2114	3	2010	R0	tunge	282	417	323	189	476
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2010	R0	alle	2051	3093	2006	2155	3835
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2010	R0	lette	1856	2756	1788	2011	3442
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2010	R0	tunge	195	337	218	144	393
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2011	R0	alle	2106	3101	2045	2244	3745
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2011	R0	lette	1919	2783	1837	2105	3384
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2011	R0	tunge	187	318	208	138	361
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2012	R0	alle	2057	3035	1992	2203	3755
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2012	R0	lette	1873	2705	1785	2070	3381
BEITOSTØLEN SØR	13942	4	2012	R0	tunge	184	330	207	133	374

Forklaring: HP= hovedparsell Felt= RO = "sum begge vegar", ÅDT = Årsdøgntrafikk, SDT= Somnardøgntrafikk, YDT= Yrkesdøgntrafikk, HDT= Helgedøgntrafikk, JDT= Julidøgntrafikk

Vegen over Valdresflye er nasjonal turistveg. Vinteråpning av Fv 51- Valdresflye er interessant sett frå næringsperspektiv, men og av omsyn til trafikktryggleiken generelt gjennom kommunen. Vinteropen veg over Valdresflye vil gjere dette sambandet til det vestlegaste ferjefrie sambandet mellom Bergen/ Haugesund og Trondheim. Opprusting av E16 medfører også auke av trafikken på Fv 51. Om vinteråpning av vegen står ein over for desse alternative vala:

1. Sein hauststenging/ tidleg opning om våren
2. Vinteropen veg. Her er to alternativ.
  - a. Eksisterande veg.
  - b. Ny veg- tunnel.

Alternativ 2b må eventuelt inn i handlingsplanen med nasjonal transportplan som siktemål.

Korridor for Fv 51 gjennom Beitostølen er drøfta i masterplan og innarbeidd i vedteken kommunedelplan for Beitostølsområdet 2011-2023.

Riks- og fylkesvegnettet vart omklassifisert og reorganisert for få år sidan. Eventuell ytterlegare reorganisering og omklassifisering av fylkesvegane kan få store verknader for kommunen.

**Mål:** Kommunen legg til grunn at noverande klassifisering av køyrevegane kommunal veg og fylkeskommunal veg skal vere uendra i planperioden.

Offentleg kommunikasjon utan om skulerutene vert etterlyst av ungdomsrådet.

### Trafikksikringsplan

Ved handsaming av planstrategien har kommunestyret i sak 062/12 lagt til grunn at kommunedelplan trafikksikring 2012-2016/2020 skal halde fram uavhengig av andre planprosessar.

Gang- sykkelveg og samferdsle internt i kommunen er eit gjennomgåande innspeltema til kommunen både i arbeidet med folkehelse, ungdom sin framtidsverkstad, ungdomsrådet og i innspelmøte-arbeidsmøte med næringar.

#### Tiltak:

- ✓ Kommunen i samråd med kommunale råd og fylkeskommunen greier ut muleghetene for ei forsøksordning med offentlig kommunikasjon (buss eller taxi) på dag og kveld samt helg.
- ✓ Utarbeide og gjennomføre trafikksikringsplan for kommunen.
- ✓ Arbeide for å få nytt asfaltdekke på FV 51.
- ✓ Arbeide for å få samanhengande gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen.

## 6.13 REGIONALT SAMARBEID

Frå Planstrategien: Hovedmål nr 3

Øystre Slidre kommune skal vere ein pådrivar i regionalt samarbeid, til beste for innbyggjarane og for gjester i kommunen

Øystre Slidre kommune har bidrege til etablering av eitt mangfald av regionale samarbeidsløysingar både på administrativt og politisk nivå.

Vurdering av kommunestruktur og vidareutvikling av samarbeid vert vurdert i tida framover med bakgrunn i «Regjeringen vil»:

- «Gjennomføre en kommunereform, hvor det sørges for at nødvendige vedtak blir fattet i perioden.»

Ordfører- og rådmannsutvalet i Valdres har i januar.2014 gitt rådmannsutvalet i oppdrag å førebu ei kommunestyresak om eit felles planprogram. Mandatet er mellom anna, sitat: «-- gi forankring for oppstart av en prosess for kartlegging av sterke og svake sider i nåværende organisering, samt muligheter og utfordringer i kommende kommuneproposisjon, stortingsmelding om framtidige helseoppgaver for kommuner samt øvrige statlige signaler.»

Administrativt er det interkommunalt samarbeid på følgjande område:

Vertskommune :	Interkommunale selskap	Politisk og strategisk samarbeid
PP – teneste Barnevern Legevakt Distriktsjordmor Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) Flyktningeteneste - kvalifiseringsteneste Brannførebygging Skatteoppkreving Kartarbeid Geodata /GIS NAV Innkjøp	IKT Valdres IKS Kommunerevisjon IKS Valdres Kommunale Renovasjon IKS (VKR) Valdres Lokalmedisinske Senter Eiendom IKS (VLMS E IKS) Valdres Kompetanse Vekst AS	Valdres Natur og Kulturpark ( VNK ) <ul style="list-style-type: none"> <li>• VNK er ein overbygning for samarbeidsorgan knytt til strategisk utviklingsarbeid for Valdres.</li> </ul> Valdres Folkemuseum Karrieresenteret Opus Valdres

**Tiltak:**

- ✓ Evaluere opphavlege målsetjingar opp mot dagens og framtida sine behov.
- ✓ Evaluere tenesteproduksjonen opp mot dagens og framtida sine behov
- ✓ Arbeide for ei vidaregåande idrettslinje for funksjonshemma knytt til Valdres Vgs i samarbeid med Beitostølen Helseportsenter.

**6.14 PROSJEKT -DET MODERNE ØYSTRE SLIDRE**

Frå planstrategien- oppfølging i plansamanheng:

Kommunen skal i løpet av 2013 konkretisere fyljande gjennom kommuneplana sin *Samfunnsdel*:  
 1. Prosjekt ”Det moderne Øystre Slidre”

Nettportal

Kontakt og dialog med ungdom i vidaregåande skule, mellombels utflytta ungdom og ungdom som etablerer seg i kommunen bør styrkjast. Kvar einiskild i ungdomsgruppa, og gruppa som heilskap er unike ambassadørar for formidling av kommunen og heimbygda sitt omdøme.

Kommunen si nettside (nettportal) bør vere ein viktig ”møteplass” som informasjonsberar for ”sjølvhjelp” og effektivisere dagleg drift og informasjonsformidling. Nettsida har stort potensiale til forbetring. Som møtearena mellom forbrukar og tenesteleverandør har nettsida stor verknad for bygging av kommunen sitt omdøme.

Prosjektet er viktig for å nå planstrategien sine delmål: ”vekst i kvalitet”, ”Alle er med” og ”offensiv organisasjon”.

**Tiltak:**

- Prosjektgruppa ”Det moderne Øystre Slidre” arbeider vidare med:
- ✓ Innspel om informasjon og kommunikasjon i samråd med ungdomsrådet.
  - ✓ Nettportal som medium for kunnskap, medverking og dialog.

**7 ØKONOMI**

Rammevilkåra for kommunen er styrt av utvikling av statlege overføringar og kommunen sitt inntektsgrunnlag. Økonomiske kontroll er ein føresetnad for å oppretthalde ein sunn økonomi.

Staten signaliserer ny innretning av sin politikk over for kommunane og fylka/ regionane. Også endringar i landbruks- og distriktpolitikken kan få stor verknad for den kommunale økonomien. Den samla verknaden er ikkje kjend, men retningsendringa vert truleg tydelegare i samband med kommuneproposisjonen våren 2014 og nasjonalbudsjettet for 2015.

Kommunen har i dag god økonomi, men lånegjelda har auka. Til dette kjem tiltak innarbeidde i økonomiplanen samt nødvendige oppgraderingar innan helse- og omsorg.

Ein betydeleg del av kommunen sin økonomi er bunde i det regionale samarbeidet.

Kommunen sitt ambisjonsnivå er høgt også innanfor ikkje lovpålagte oppgåver. Stig- og løypeplanen er eit slikt område, viktig for folkehelse og aktivitetsbasert reiseliv, men kostbart både i etablering og drift. Det er difor relevant å sjå på alternative måtar å auke inntektene til kommunen.

Kommunen sitt potensiale for auka inntekter er primært innan:

- Utviding av kommunal eigedomsskatt
- Auka busetjing av arbeidsaktive.
- Etablering av ny næring som gjev arbeidsplassar og styrka busetjing.
- Utarbeide ei eigarmelding om kommunale eigedomar, herunder bustadfelt og infrastruktur.

**Tiltak:** Følgje opp kommunens vedtatte handlingsregel og sørgje for at kommunen har sunn økonomi.

## 8 OMDØMEBYGGING

Omdømme kan definerast som påberopte eller opplevde kvalitetar som gjer ei kjensle av å bli innfridde, - gong på gong.

Kommunestyret vedtok "Øystre Slidre kommune - ein plusskommune" som *motto* i samband med kommunen sin strategiplan. Ved utarbeiding av planprogram for samfunnsdelen vedtok kommunen å endre dette til "*Øystre Slidre – rein naturglede!*".

Dette er definitivt eit slagord/visjon med eit spanande ordspel som kan gi svært mange gode assosiasjonar og nytte på mange omkverve. Dette gjeld både fastbuande, besøkjande og for auka konkurransekraft og verdiskaping i næringslivet.

Det er mange naturkvalitetar i Øystre Slidre, slik ein og finn i svært mange andre kommunar i landet. Det er summen av dei mange ulike naturkvalitetane, saman med at ein tek ein bevisst posisjon, eit aktivt og langsiktig val om ein retning, som gjer at "*Øystre Slidre – rein naturglede!*" kan bli ein stor suksess.

Skal ein bygge eit omdømme kring dette slagordet i form av ein opplevd kvalitet, krev dette oppslutnad og oppfølging på mange felt i samfunnet.

Val og prioriteringar må gjerast som har konsekvensar både for forvaltning, innbyggjarar, besøkjande og næringsliv.

### **Tiltak:**

- ✓ Utarbeide strategi- og omdømmeplan som også må implementerast i ein strategi for Øystre Slidre kommunes tilrettelegging for næringsutvikling eventuell næringsplan, kfr. kap 6.10.2.
- ✓ Utarbeide strategi for media, informasjon og kommunikasjon i samarbeid med Valdres regionen.
- ✓ Ein må i arealdelen av kommuneplanen ta konsekvensane av å velje dette som slagord/visjon, ved at valg og prioriteringar som skal gjerast her, byggjer opp under visjon og slagord.
- ✓ Heile Øystre Slidre- samfunnet, og Øystre Slidre kommune spesielt, skal arbeide med å utvikle vertskapsrolla slik at folk kjenner seg velkomne her.

## 9 FØRINGAR FOR KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Kommuneplanen sin arealdel skal reviderast, jamfør kommunal planstrategi. Kommunedelplanen for Heggenes-Moane og Rogne sør er frå 1991, hovudbanen er frå 1998. Kommunedelplanane for områda Beitostølen og Gravfjellet er frå 2011 og 2013.

Ny planlov og nye plangrep gjere det nødvendig med gjennomgang av dei eldste planane.

# Øystre Slidre kommune- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014- 2026

Kommuneplanen sin arealdel skal vise sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Tabellen viser tema, mål og krav, samt aktuelle tiltak som bør vurderast som del av planprogram for revisjon av kommuneplanen – arealdelen for å nå måla i samfunnsdelen og visjonen Øystre Slidre – rein naturglede!».

Tema	Mål og krav til overordna areal-disponering. «Vi vil»:	Korleis/ Tiltak- «Slik gjere vi»:
<p>Visjonen «Øystre Slidre- Rein naturglede!»</p>	<p>For å strekkje oss mot og gjere oss fortent til visjonen meiner vi at:</p> <p>Kommunen skal gjennom <u>differensiert</u> og <u>berekraftig</u> areal- og ressurs- forvaltning, ta omsyn til naturmangfald, klima og miljø, føre vidare kulturarven og leggje til rette for aktiv og berekraftig bruk og vern av natur- og kulturressursane.</p> <p>Alle tiltak skal planleggjast og gjennomførast med vekt på samfunnssikkerhet.</p>	<p>Korleis/ Tiltak- «Slik gjere vi»:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Rein jord, reint vatn/ grunnvatn, rein luft og kulturarven vår er grunnlag for «ØS- rein naturglede!».</li> <li>2. Natur og kulturarven skal forvaltast til glede for grunneigar, rettshavar, næring, innbuar og gjest.</li> <li>3. I fjellområda skal prinsippa om differensiert forvaltning utviklast, implementerast og gjennomførast som ein del av ein berekraftig fjellpolitikk.</li> <li>4. Vassdraga skal forvaltast berekraftig.</li> <li>5. Arbeide for å etterkome reglane i naturmangfaldlova.</li> <li>6. Ha høg terskel for å omdisponere dyrka mark, godt arrondert dyrkbar mark og beiteareal med god kvalitet.</li> <li>7. Tiltak som fremjer folkehelse skal prioriterast.</li> <li>8. Lokalisering og utforminga v utbyggingsareal må ta hensyn til natur- og landskapskvalitetar herunder m.a. estetikk, støy, lys, og overordna mål for folkehelse, universell utforming og sikkerhet.</li> <li>9. Utbyggingstiltak skal vurderast mot visjonen. Om nødvendig må avbøtande tiltak vurderast.</li> <li>10. Fortette «med kvalitet»</li> </ol>
<p>Bustad</p>	<p>Bustadområde skal berre tillatast når desse forholda ligg til rette:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Veg, vatn og avlaup</li> <li>2. Universell utforming</li> <li>3. Gangveg til skule/ barnehage</li> <li>3. Stigar og grøntområde</li> <li>4. Eigna areal for leik og uteopphald.</li> </ol> <p>Det kan leggjast til rette for spreidd bustadbygging i LNFR der ein finn tilfredsstillande løysingar for veg, vatn og avlaup.</p>	<p>Handlingsregel om universell utforming innarbeidast i saksmal for plansak og byggjesak (tiltaks sak).</p> <p>LNFR- område i gjeldande planar bør evaluerast.</p>
<p>Bustader for helse/ omsorg</p>	<p>Alternative avklarast i H-O- plan</p>	<p>Tomt(ar) avklarast i KP-A.</p>

Tema	Mål og krav til overordna areal-disponering. «Vi vil»:	Korleis/ Tiltak- «Slik gjere vi»:
Fritidsbustader og feriehusvere	<p>Utbyggingsstrategi i planperioden: ABCD- modell</p> <p>A: KdP BBG og KdP Gravfjellet dekkjer arealbehov i plan- perioden for nye hytter og leilegheter når teknisk infrastruktur og tilknytning til avlaupsnett i områda er/ vert bygt ut.</p> <p>B, C, D vurderast</p>	<p>Vurdere ein ABCD utbyggingsmodell der område kan byggjast ut med ulik sanitær komfort- standard avhengig av potensielle avlaupsløysingar.</p> <p>Planlegging av fritids-bebyggelse, rettleiar «T-1450» skal leggjast til grunn.</p> <p>I område A bør 30% av fritidseigedomane og ferieleileghetene leggjast til rette for universell utforming.</p> <p>I område A kan kommunen etter søknad gje løyve til permanent eller mellombels å omdisponere fritidsbustad/ ferieleileighet til heilårsbustad. Tomta og bygget bør tilfredsstille byggjeforskriftene sin tekniske krav til bustad og krav til universell utforming.</p>
Næringsareal	<p>Alternativ:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utviding (evt. fortetting) av Raudbrøtmoen</li> <li>2. Beitostølen</li> <li>3. Heggenes – tettstadutvikling</li> <li>4. Storefoss- området</li> <li>5. Rogne Sør</li> </ol>	
Stigar- løyper	<p>Hundeløype</p> <p>Sykkelvegar/ stigar</p>	<p>Tema i KP-A og revisjon av KdP sti- og løypeplan. Hundeløyper skal ha same status som andre løyper i stig- og løypeplana.</p>
Vassmiljø og Avlaup	<p>Ha godt reint vassmiljø, herunder grunnvatn.</p> <p>Unngå enkeltutslepp i sårbare område.</p>	<p>Stille krav om områdeplan for avlaup. Greie ut behovet for lokale forskrifter og retningslinjer for områdeløyve etter forureiningslova og vassdirektivet.</p>
Universell Utforming	<p>Aldersutviklinga. Stadig større del av befolkninga må rekne med å få ei eller anna redusert funksjonsevne.</p> <p>Øystre Slidre, kommune og samfunn, er stor reiselivs-destinasjon.</p> <p>Nå overordna mål om «beste bu- og besøks-kommune» (1) «næringsutvikling og nyskaping» (2) «attraktivt resemål, god handels- og møteplass.» (4)</p> <p>Delmål: «Vekst i kvalitet»: (bevare og vidare-utvikle/ tilby tenester ...</p>	<p>Forankre UU som overordna strategi i kommuneplanen.</p> <p>Gjere UU til viktig verkty og del av «Vertskapsfunksjonen».</p> <p>Fylgje opp erfaringar og mål frå: <u>T-1540: Nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming i fylker og kommuner (30.10.2013)</u></p> <p>Eksempel: <b>Hedmark og Oppland.</b> Mer tilgjengelig reiseliv med enkle grep</p> <p><u>T-1472: UU som kommunal strategi-pilotkommunesatsinga (2005-2008)</u></p>



	<i>tilfredsstiller innbyggjarane og</i>	<u>erfaring/ resultat</u>
Tema	Mål og krav til overordna areal-disponering. «Vi vil»:	Korleis/ Tiltak- «Slik gjere vi»:
Universell Utforming (framhald frå s 48)	<i>gjestene sine grunn-leggjande behov</i> <i>«Alle er med»: (god bu- og arbeidskommune),</i> <i>«Offensiv organisasjon»: (brukar- og serviceorientert/ pådrivar)</i>  Bruke kriterium for nye tiltak; byggjeområde, vegar, løyper m.m.	
Barns leike- ute- og opphaldsareal	Kriterium for nye byggjeområde og spreidd busetjing	Utarbeide/ revidere kommunale vedtekter/ retningslinjer.
Risiko og sårbare område	Ras, flaum, stråling, forureina grunn	
Friluftsliv	Sikre viktige og sårbare område og korridorar.	Val av arealkategori og bruk av hensynssone. Stig- og løypeplanen er viktig kunnskapsgrunnlag
Kulturarv	Viktig tema for visjonen.	Vurdere viktige område og gje areal nødvendig sikring i arealdelen. Stig- og løypeplanen, kjerneområde i landbruket og «fjellpolitikk- saka» er viktig kunnskapsgrunnlag.
Mineral ressursar	Sikre mineralressursar i arealdelen.	Mineralressursar avklarast som tema via planprogram for revisjon av arealdelen.
Fjellpolitikk	FS-vedtak 15/12: «Kommunen kjem attende til fjellpolitikken i samband med revisjon av kommuneplanen.»	Fylgje opp vedtaket i program- og planfase av kommuneplanens arealdel.
Andre tema, hensyn og overordna føringar	Sjå enkeltkapittel i samfunnsdelen, kap. 4 m.fl..	

## 10 HANDLINGSPROGRAM

Handlingsprogrammet er laga som ei uprioritert liste over eit utval av framlegga til tiltak sortert etter kapittelinnndelinga i planen. For komplette tiltak, sjå kapitla. Teksten i lista er endra som direkte og indirekte følgje av vedtak sak KS-12/14 og KS -42/14.

Tiltaka må gjennomførast i samråd og samarbeid med mange aktørar. Kommunen sitt ansvar for tiltaka og økonomi knytt til tiltaka er ikkje avklara i denne planen.

Tiltaka og gjennomføring av tiltaka må innordne seg «Øystre Slidre- rein naturglede!».

Tema		Kap./ side	Tiltak Nr	Tittel m evt. Omtale	Ansvar	Tid
KP- Samfunnsdelen	Rullering/ revisjon			✓ Samfunnsplanen må ha fleksibilitet i forhold til storsamfunnsutviklingen, og derfor ha en gjennomgang først i kvar valperiode.		
Risiko, Samfunns-sikkerhet og ROS		6.1/14		✓ ROS innarbeidast som emne i saksmal for alle plansaker, verksemdplanar og tiltak. ✓ Tiltak om VA- plan, sjå kap. 6.3 og 6.11		
Berekraft; Natur og Miljø	Prioriterte artar og utvalde naturtypar	6.2/18		✓ Utarbeide skjøtselsplanar		
Vassmiljø		6.3/21		✓ Vassmiljø og VA- plan jfr. tiltak i kap 6.1 og 6.11		
Energi og Klima		6.4/ 22		✓ Energi- og Klimaplanen skal forlengast og reviderast.		2015
Folkehelse	Stig-og løypeplan/ Idrett & fysisk akt.	6.5 /25		✓ Fullføre folkehelsekartlegginga. ✓ Det skal utarbeidast ein samla folkehelseplan inkludert stig- og løypeplan og kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.		2015-2018
	Idrett og fysisk aktivitet	/25		✓ Auke tilskota til friviljuge lag og organisasjonar. ✓ Bidra til vidareutvikling og vedlikehald av eksisterande anlegg.		
Bu- og Besøkskommune Tettstadutvikling		6.6 /27		✓ Program for bustadutvikling i kommunen inkludert boligsosial handlingsplan. ✓ Legge til rette for nye ”ikkje kommersielle” arenaer og møteplassar i utviklinga av Beitostølen. ✓ Utvikle Beitostølen som nasjonalparklandsby og vurdere bygging av eit framtidig kulturhus. ✓ Skammestein skal etter lokalisering av Lidar skule prioriterast for etablering av nye tettstadsfunksjoner. Skammestein skal få eit utbud av bustadtomter. ✓ Våre øvrige tettstader skal utviklast tufta på deira eigenart.		
Helse- og omsorg	Utvikling og planlegging	6.7 /28		✓ Utarbeide delplan for helse og omsorg.		2014

# Øystre Slidre kommune- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014- 2026

Tema		Kap./side	Tiltak Nr	Tittel m evt. Omtale	Ansvar	Tid
Helse- og omsorg (framhald)	Framskrivning av behov	/28		✓ Innføre bruk av velferdsteknologiske løysingar. ✓ Leggje til rette for rehabilitering i heimen.		
	Samhandlingsref.	/29		✓ Etablere Valdres lokalmedisinske senter VLMS.		
	Rus og psykiatri	/29		✓ Gjennomføre Ruspolitisk handlingsplan for Valdres.		2014-2018
Læring og Kultur	Kunnskapsbygda	6.8/31		✓ Utarbeide eit idékonsept for «Øystre Slidre- Kunnskapsbygda».		
	Barnehage	/33		✓ Utarbeide kommunedelplan for barnehage (og skule).		
	Skule	/34		✓ Utarbeide kommunedelplan for (barnehage og) skule. ✓ Elevane skal vere godt rusta til å gjennomføre vidaregåande skule. ✓ Redusere behovet for spesial- og støtteundervisning til lågare enn nasjonalt nivå ved breiare satsing på å utvikle gode læringsmiljø gjennom skulebasert utviklingsarbeid.		
		/34				
	Kulturskule	/35		✓ Sikre gode rammevilkår som gjere det mogleg at alle som ønskjer det skal ha eit tilbod om kulturskule i løpet av grunnskuletida.		
	Frivillege lag- og organisasjonar	/35		✓ Revidere ”Strategiplan for store idrettsarrangement på Beitostølen” og endre planen til ”Strategiplan for store idretts- og kulturarrangement”. Planen skal avklare rammevilkår for lag- og organisasjonar.		
Framtidsverkstad for & med ungdom			✓ Framtidsverkstad for og med ungdom vidareførast. ✓ Sikre ungdommen medråderett. ✓ Sikre ungdommen gode og høvelege ungdomsklubb-lokale	Kultur		
Friluftsliv	Stig- og løypeplan	6.9.1 /36		✓ Gjennomføre tiltak i stig- og løypeplanen. Sjå elles vedtak ang. stig- og løypeplan i kap 6.5: Folkehelse		
	Motorferdsle- snøscooter	6.9.1.1 /37		✓ Vere positiv til samarbeid med nabokommunane med sikte på å få til ei felles scooterløype.		
Næringsutvikling	Generelt	6.10/ 38		✓ Utarbeide ein strategi for Øystre Slidre kommunes tilrettelegging for næringsutvikling.		
Næringsutvikling- Landbruk	Generelt	6.10.1 /39		✓ Forlenge og revidere landbruksplanen.		
	Stølsprosjektet	6.10.1.1 /39		✓ Areal avsatt vurderes brukt til annet formål.		
	Kjerneområde i landbruket	6.10.1.2 /40		✓ Etablere kunnskapsprosjekt forankra i stølsprosjektet, kjerneområde landbruk og andre kjelder som opplevingstilfanget og kunnskapstilfanget i verneområda.		
Næringsutvikling-	Handel og aktivitetsbasert reiseliv	6.10.2 /40		✓ Utvide næringsområdet på Raubrøtmoen, eventuelt etablere nytt område. ✓ Utarbeide og gjennomføre ein heilhetleg skiltstrategi.		

# Øystre Slidre kommune- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2014- 2026

Tema		Kap./ side	Tiltak Nr	Tittel m evt. Omtale	Ansvar	Tid
Næringsutvikling-	Regional sentrumsutbygging - Beitostølen som sentrum	6.10.3 /41		<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Regional sentrumsutvikling: Prioritet på konkrete tiltak med fokus på våre fortrinn og særegenheter som nasjonalparkane, nasjonal turistveg, støling og friluftsliv</li> <li>✓ Profilere Øystre Slidre kommune og søkje godkjenning som nasjonalparkkommune i samarbeid med annan kommune.</li> <li>✓ Profilere Beitostølen og søkje godkjenning som nasjonalparklandsby.</li> <li>✓ Gjennomføre sentrumsutviklingsprosjektet for Beitostølen.</li> <li>✓ Utvikle Beitostølen som den naturlege inngangsporten til Jotunheimen.</li> <li>✓ Vidareføre sanserute med VD,VNK til mere lokal tilknytning.</li> </ul>		
	Fritidsbustader-grunnlag for næring og næringsutvikling	6.10.4 /42		<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Oppfølging og realisering av stig og løypeplanen - utvikle tilbud sumar som vinter.</li> <li>✓ Universell tilrettelegging for opplevingar i naturen - produkt og merkevarebygging</li> <li>✓ Realisere planane kring framføring av VA til viktige hytteområde.</li> </ul>		
Infrastruktur-	kommunaltekniske tenester	6.11 / 42		<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Utarbeide Vassmiljø- og VA- plan, jfr. kap. 6.1 og 6.3</li> </ul>		
Veg og Samferdsle		6.12 / 44		<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Greie ut muleghetene for ei forsøksordning med offentleg kommunikasjon (buss eller taxi) på dag/ kveld samt helg.</li> <li>✓ Utarbeide og gjennomføre trafikksikringsplan</li> <li>✓ Arbeide for nytt asfaltdekke på Fv 51</li> <li>✓ Arbeide for samanhengande gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen.</li> </ul>		
Regionalt samarbeid		6.13 /45		<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Evaluere opphavlege målsetjingar opp mot dagens og framtida sine behov.</li> <li>✓ Evaluere tenesteproduksjonen opp mot dagens og framtida sine behov.</li> <li>✓ Arbeide for å etablere ei vidaregåande idrettslinje for funksjonshemma knytt til Valdres Vgs i samarbeid med Beitostølen Helseportsenter.</li> </ul>		
Prosjekt	Det moderne Øystre Slidre	6.14 / 45		<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Innspel om informasjon og kommunikasjon i samråd med ungdomsrådet.</li> <li>✓ Vidareutvikle nettportal som medium for kunnskap, medverking og dialog.</li> </ul>	PG-DMØS	
Økonomi		7/ 46		<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Følgje opp vedteken handlingsregel. Sørge for sunn økonomi.</li> </ul>		
Omdømebygging		8/ 46		<ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Utarbeide strategi- og omdømeplan som også må implementerast</li> <li>✓ Utarbeide strategi for media, informasjon og kommunikasjon i samarbeid med Valdres regionen.</li> <li>✓ Heile Øystre Slidre- samfunnet, og Øystre Slidre kommune spesielt, skal arbeide med å utvikle vertskapsrolla slik at folk kjenner seg velkomne her.</li> </ul>		

## 11 REFERANSEDOKUMENT

Vedteke planprogram for kommuneplanens samfunnsdelen	(1)
Formannskapssak 042/13 Slutthandsaming planprogram	(2)
Vedteken planstrategi	(3)
Kommunestyret: Kommunal planstrategi slutthandsaming, sak 062/12	(4)
Ungdomsrådet- Møtereferat 18.10.13 og 31.10.13 sak 2/13.14	(5)
Resymé framtidswerkstad for og med ungdom 21.09.13	(6)
Resymé Innspelmøte- arbeidsseminar 4.11.2013	(7)
Inn på tunet, innspill til planprogram landbruk/ næring (A Finnbråten)	(8)
Hytterepresentant i referansegruppa, innspel	(9)

### Lover og forskrifter:

- Grunnlova (1814) § 100 b – miljøvernparagrafen
- Plan- og bygningslova (2008) med forskrifter og rikspolitiske retningslinjer.
- Forskrift om konsekvensutredning
- Barnehagelova (2005) m/ forskrifter
- Fjellova (1975)
- Forureiningslova (1981) med forskrifter.
- Friluftsløva (1957)
- Jordlova (1995) med forskrifter.
- Konesjonslova (2003)
- Kulturlova 2007
- Kulturminnelova (1978)
- Motorferdselslova (1977)
- Miljøinformasjonslova (2003)
- Naturmangfoldlova (2009) med forskrifter
- Naturoppsynslova (1996)
- Opplæringslova (1998) m/ forskrifter
- Skogbrukslova (2005) med forskrifter.
- Statsalmenningsslova (2006)
- Vassressurslova (2000) med forskrifter.
- Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne
- Helse- og omsorgstenestelov (2012)
- Folkehelselova (2011)
- Forskrift om oversikt over folkehelsen (2012)
- Forskrift om Langsua nasjonalpark
- Forskrift om Kjølåane naturreservat
- Forskrift om Haldorbu landskapsvern- område
- Forskrifter om rikspolitiske retningslinjer:
  - Barn og planlegging
  - Kjøpesentre
  - Samordna areal- og transportplanlegging
  - Universell Utforming
  - Rundskriv: Varig verna vassdrag

### Rundskriv:

- T-1267 «Fortetting med kvalitet»
- T-1082 om verna vassdrag
- T-1450 planlegging av fritidsbustader
- T-2/08 om barn i planleggingen
- T-5/99 om universell utforming
- T-1442/12 MD's retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging

- T-2/12 Rundskriv til regelverket om bruk av vannscooter og lignende
- M-1/12 Rundskriv om næringsutvikling 2012
- M-2/909 om konsesjon og buplikt.
- M-04/09 om forskrift om seter og tilleggsgjord m.m. i statsalmenningane.

### Stortingsmeldingar:

- Nr 9 (2011-2012) Landbruks- og matpolitikken
- Nr 10 (2012-2013) om kvalitet i HO- sektoren, meir rasjonelle bygg, ny teknologi
- Nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminner
- Nr 26 (2006-2009) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- Nr 29 (2012-2013) Morgondagens omsorg
- Nr 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste
- Nr 39 (2008-2009) Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen
- Nr 40 (2002-2003) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer.
- Nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning.
- Nr. 58 (1996-1977) Miljøvernpolitikk for ei berekraftig utvikling

### Anna:

- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (regjeringen juli 2011)
- NOU-2010: 10 Tilpassing til et klima i endring
- Endringar under arbeid i naturoppsynslova og naturmangfaldlova
- Endringar under arbeid i småbåtlova om vannscooter.
- KR D: Vegleiar i vertskommune- modellen.
- KR D- publ H-2277-B Veileder om statlig styring av kommuner og fylkeskommuner (2013)
- KR D Endringar i kommunelova:
- MD: [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no)
- Prp 49 L (2011-12) (samkommune)
- Prp 119 L (2011-12) (eigenkontroll)
- KR D: Prp 76L (2011-12) Lov om bustøtte
- KR D: Prp 8S (2012-13) auka låneramme i Husbanken
- Fylkesmannen i Oppland: Kommunebilde 2013 – Valdres
- Folkehelseinstituttet: Folkehelseprofil Øystre Slidre 2011, 2012 og 2013
- Øystre Slidre kommune: Kommunebarometeret 2013
- Øystre Slidre kommune: Verksemdsanalyse 2013
- Øystre Slidre kommune: Innbyggjarundersøkinga 2013
- Fylkesmannen i Buskerud: Kommunebilde 2013- Valdres
- NHO: KommuneNM 2013 (<https://www.nho.no/kommunekaringer/>)
- NHO: NæringsNM 2013
- Telemarkforskning: Sårbar eller robust (TF- notat nr 57/2012)
- Telemarkforskning: Programteori for attraktivitet (TF- notat nr 13/2013)
- NIBR: Attraktive turistdestinasjoner- gode oppvekstmiljøer? (NOBR- rapport 2008:17)